

Årsmelding 2023

Ulstein

Innleiing ved kommunedirektøren

2023 gir grunn til ei viss uro. Ser vi lokalt er det store underskot i fleire av nabokommunane. Urovekkande store i fleire av kommunane og ei betydeleg forverring frå 2022.

Også i Ulstein kommune er det underskot, og kommunen tek av driftsfondet – sparepengane våre, for å dekke opp meirforbruk i 2023. Fondet vert redusert med 11,2 millionar kroner. Av dette er 4,4 millionar mellombels finansiering på sjølvkostområda vatn, avløp og feiing. Denne mellombelse finansieringa er pengar vi vil få tilbake over dei neste åra.


Vi har ikkje mykje å gå på

Generelt sett er Møre og Romsdal eit fylke der kommunane i snitt har låg inntekt og høg gjeld. Så har 2023 gitt spesielle utslag fordi veksten i skatteinntekter i 2023 har vore mindre enn i 2022 og 2021. Samtidig har vi hatt høg kostnadsvekst og lønnsvekst. I tillegg kjem auken i rentekostnader som no har starta å tære på reservane. I mange av kommunane i vårt område er rapportane for 2023 dyster lesing. Situasjonen i Ulstein kommune er ikkje så akutt, men vi har ikkje mykje å gå på. Vi reduserer fond i 2023, eller bruker av sparepengane våre om vi skal seie det i klartekst. I økonomiplanen som er vedtatt er det eit aukande gap mellom inntekter og kostnader i 2025, 2026 og 2027. I tillegg skjer det store endingar i dei behova kommunen må dekke. Mellom anna er dette knytt til utvikling i demografi, jamfør omtale lengre nede, men vi ser også meir komplekse utfordringar mot yngre aldersgrupper som viser att i kostnader i begge dei to store sektorane.

Nye omsorgsbustader

Det er vedtatt i 2023 at kommunen skal bygge 20 nye omsorgsbustader og kontorareal til heimetenestene og tenestene for rus og psykiatri. Det er positivt og heilt nødvendig for å ruste desse tenestene for framtida og vareta dei tilsette sitt behov for tenlege og trygge arbeidsplassar. I tillegg vil det avlaste kontorarealet på Alvehaugen. Utfordringa er at den statlege medfinansieringa av omsorgsbustader ikkje held tritt med utviklinga i byggekostnaden. Husbanken stiller også krav til utforminga av slike bustader. Resultatet er dermed at husleige ikkje fullt ut kan dekke investeringskostnader og driftskostnader for bygget, og kommunen må delfinansiere kostnader ved utbygginga frå sitt driftsbudsjett. Dette er ei ny utvikling dei siste åra.


De fleste større kommunene i fylket har en produksjon av pleie- og omsorgstjenester som er relativt sett høyere enn ressursbruken



Vi driv effektivt

Helse- og omsorgsetaten i Ulstein kommune driv effektivt. I ei undersøking om pleie- og omsorgstenester i Møre og Romsdal som KS presenterte i februar 2024, ligg Ulstein høgt med ein produktivitetsindeks på 1,2814. Ein produktivitetsindeks er ressursbruk gongar effektivitet. Kommunen har ein tenesteproduksjon som ligg på 1,19 av landssnittet og bruker 0,9318 ressursar. Produktivitetstalet viser at vi yter 20 prosent meir tenester enn landssnittet. Undersøkinga viser at Møre og Romsdal generelt ligg høgt i høve til andre fylke når det kjem til brukartimar innanfor helse og omsorg målt i timar per innbyggjar. Skilnaden er størst i aldersgruppene opp til 66 år. I tillegg til undersøkingar på fylkesnivå er det all grunn til dykke ned i desse tala på kommunenivå også.

Vi vert fleire eldre



Utvikling i demografi er kanskje meir eit tema for økonomiplanen enn for årsmeldinga, men om vi kastar eit blick på utviklinga i aldersgruppa 80+ i Ulstein kommune, har denne gruppa lege relativt stabilt på rundt 300 personar frå 2010–2018. På fire år har ho klatra til 400 personar. Ser vi 15 år framover skal denne gruppa doblast i Ulstein, til 780 personar. For Ulstein kommune har veksten starta. Frå 2018 stig talet på personar i denne gruppa kvart år. Vi er altså ikkje på veg inn i endringa, vi står midt i ho.

I og med at Ulstein kommune har hatt ei ung befolkning, med ei lita gruppe over 80 år, er den prosentvise veksten i Ulstein større enn i andre kommunar. Det betyr at endingane relativt sett er større her enn hos andre kommunar. Vi får kompensasjon gjennom rammetilskotet for denne auken, men KS har over tid dokumentert at der er eit etterslep. I noko grad er det det vi ser som meirforbruk i sektoren. Figuren er ein illustrasjon på ei av dei utfordringane vi står overfor. Vi har også ansvaret for andre aldersgrupper, og statistikk viser at veksten i timetal innan helse og omsorg er størst i dei yngre brukargruppene.

It takes a village

Kommunestyret gjorde vedtak om å ta i mot 125 flyktningar i 2023. Det er eit omfattande arbeid som utfordrar heile kommuneorganisasjonen og eigedomsselskapet. Arbeidet er gjort på ein framifrå måte. Stor takk til alle, og også stor takk til lokalsamfunnet og frivillige lag og organisasjonar for god støtte og velvilje.

Leiaren for avdelinga for integrering og mangfald siterer ofte visdomsordet «It takes a village to raise a child». Det er rett på dette området som på så mange andre område innanfor lokalsamfunnsutvikling. Eg siterte dette ordtaket i årsmeldinga i 2022 også, og det er ikkje noko forsøk på å fråskrive oss ansvar, men det er for å understreke at eit godt oppvekstmiljø og ein god kommune ikkje vert bygd etter ein ferdig mal, og av ei gruppe åleine. Det er ei samhandling mellom ulike krefter og ulike interesser der alle bidreg konstruktivt og tek ansvar.

Utfordringar

Ser vi litt bak fasaden leverer vi gode tenester. Dei tilsette som leverer desse tenestene er under press. Den økonomiske ramma er utfordrande og gir ikkje rom for anna enn svært nøktern drift. Dette er utfordrande over tid, og vi skulle gjerne hatt noko meir ressursar til utdanning, utvikling og utskifting av utstyr. Sjukefråværet i omsorgssektoren er litt på veg ned, men sjukefråværet i skule og barnehage er høgt og aukande om vi ser det opp mot tidlegare år. Rapportering av vald og trugsmål i avvikssystemet er høgt og aukande. I helse og omsorg har det vore kultur for å rapportere slike avvik over tid. No kjem skule etter. Om auken skuldast betre rapportering eller ein trend er for tidleg å seie, men det er grunn til å tru at problemet er aukande. Det er all grunn til å ta dette på alvor. Det vert arbeidd systematisk med desse utfordringane i den enkelte eining, men vi merkar utfordringane med manglande kapasitet i andrelinjetenestene, spesielt innan rus, psykiatri og barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP). Kommunen merkar også at der er mangel på utdanna personell på ein del område. Mest synleg i 2023 var mangel på kvalifiserte vikarar i skule.

Det vert ein krevjande balansegang for kommunen å handtere desse utfordringane framover, samtidig som kampen om nødvendig arbeidskraft for kommunane aukar. Ulstein kommune står i dag fram som ein attraktiv kommune å arbeide i. Denne attraktiviteten må vi gjere alt vi kan for å halde på.

Arbeid med internkontroll

Kommunestyret løyvde midlar til to stillingar for å prioritere arbeidet med internkontroll. To personar var på plass rundt sommaren. Det er etablert ei prosjektgruppe for arbeidet for å få resultat innan effektivisering, kvalitetsutvikling, internkontroll og beredskap. Utvikling vert rapportert til kommunestyret.

Innbyggerundersøking

Ulstein kommune gjennomførte ei innbyggerundersøking i 2023. Kommunen får eit jamt godt resultat i undersøkinga. Ved denne undersøkinga delte vi opp slik at vi kan sjå tal delt på valkrins. Der er variasjonar mellom valkrinsane i kommunen, og variasjonar mot dei to andre kommunane i regionen som også gjennomførte undersøkinga i fjor (Hareid og Volda kommunar). Overordna får kommunen eit resultat på 4,4 på ein skala frå 1 til 6. Spesielt er det gledeleg at innbyggerane opplever at det er trygt å bu og ferdast i kommunen. Der har resultatet lege på 5,2 over fleire undersøkingar. Det er også svært

nyttig for oss at mange har tatt seg tid til å legge inn kommentarar. Her er det mange gode innspel å ta med, både med ris og ros.

Takk for meg

Til slutt vil eg bruke dette høvet til å takke for meg. Eg ser slutten på min stafettetappe i Ulstein kommune og skal veksle med ny kommunedirektør i slutten av juni. Takk for meg og takk for godt samarbeid til kvar enkelt, både på politisk og administrativ side.

Det er eit privilegium å få arbeide med eit så dyktig mannskap. Eg ønsker dykk ei god reise vidare.

Verner Larsen
kommunedirektør

Ordføraren har ordet

I 2023 har det vore fleire hendingar som har påverka politikken i Ulstein. Vi har hatt kommuneval, vi har eit nytt kommunestyre og nye utval som skal forme politikken for Ulstein dei neste åra, og vi har allereie vedteke det første budsjettet for ein ny valperiode.



Ordførar Stian Skorgen Scheide. Foto: Janne-Marit Myklebust

Først og fremst ønsker eg å uttrykke at eg er både stolt og forventningsfull når eg går inn i det første heile året som ordførar i Ulstein kommune. Eg set stor pris på tilliten som er vist meg, og eg ser fram til å arbeide saman med dykk for å forme framtida til kommunen vår.

Vår framtidsvisjon

Eg ser føre meg kommunen vår som eit døme på innovasjon og ein heim for alle som søker ein kommune med opne armar og moglegheiter. Eg ønsker at Ulstein skal vere ein kommune som ikkje berre følger med i tida, men som også leier an i utviklinga – ikkje berre for vår eigen kommune, men også for nabokommunane våre. Vi har felles bu- og arbeidsmarknad, og på mange måtar ein felles identitet. Om nabokommunane våre lykkast, lykkast også vi i Ulstein – og omvendt. Vi må framsnakke kvarandre og samarbeide på dei områda som gagnar sunnmøringane i fellesskap, og sjølvstekt konkurrere på dei områda som skil oss ut. Eg håper vi i framtida kan knyte oss tettare saman for å finne betre og felles løysingar på morgondagens utfordringar.

Kjerneverdier

Vi må bygge framtida på kjerneverdiane våre, nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald. Desse verdiane vil vere fundamentet i alt vi gjer som kommune, og vil leie oss i våre daglege gjeremål og dei strategiske avgjerdene vi tek for Ulstein i den kommande perioden. Vi skal både vedta områdeplanen for sentrum, starte arbeidet med samfunnsplanen og halde oss aktuelle i utviklingsbildet for regionen vår. Dette krev innsats frå både kommunen, frivillig sektor og næringslivet. Vi er nøydd til å samarbeide om desse planane og sikre investeringslyst, etableringslyst og bulyst i kommunen.

Næringsliv

Etter mange år med motgang, omstillingsbehov og overlevingsmodus, ser vi no positive tendensar i næringslivet. Dette er gledeleg for ein kommune som Ulstein. Eg skal vere forsiktig med å friskmelde situasjonen heilt, men det er grunn til å tru at vi går mot eit meir stabilt farvatn og at det lysnar i horisonten. Denne utviklinga vil gi ringverknader for kommunen og inntektene våre, men det heng saman med bulyst. Vi har nokre utfordringar for å sikre at næringsaktørane våre får nok og rett arbeidskraft. Det bekymrar også at barnehagekapasiteten er sprengt, på kort sikt.

Økonomiske utsikter og tverrpolitisk samarbeid

Med aukande folketal møter vi nye moglegheiter og utfordringar. Denne veksten er eit teikn på at vi er ein attraktiv stad å bu og arbeide, men det aukar også omfanget av arbeidsoppgåvene våre. Vi står overfor ein periode med strammare budsjett, og det krev at vi tenker nytt og handlar klokt. Som politikarar har vi eit ansvar for å finne løysingar som tener fellesskapet sitt beste. Det er essensielt at vi legg partipolitikk til side og samarbeider tverrpolitisk for å sikre at våre avgjerdar reflekterer Ulstein kommune sine behov og ambisjonar. Vi må jobbe saman for å sikre ei berekraftig økonomisk framtid for kommunen, auke handlingsrommet vårt og sikre best mogleg tenester for både innbygarane og næringslivet.


Dette vert ikkje lett, og vi vil nok i perioden som kjem sjå større forskjellar i dei politiske rekkene, men eg håper vi trass enkelte diskusjonar, framleis kan stå saman om dei store linjene og sikre trygge rammer for både innbygarane våre og alle dei tilsette i kommunen.

Stian Skorgen Scheide
ordfører

Overblikk

Sjå innhaldsliste til venstre.

1. Organisasjonskart



[Lenke til oppdatert organisasjonskart i PDF-format.](#)

2. Heider til nattarbeidarane

Natt-teamet i Ulstein kommune er vinnarane av arbeidsmiljøprisen 2023. Gratulerer! Vinnarane vart annonsert under Ulstein kommune sin årlege personalfest på Sjøborg, fredag 2. februar.



Delar av natteamet i Ulstein.

– Dette er ein super gjeng som har eit svært godt samarbeid mellom dei ulike avdelingane. Alle stiller på jobb med godt humør, og vi stiller opp for kvarandre. Kollegaene er supre samtalepartnarar, og vi kjem opp med løysingar saman dersom vi kjem ut for utfordringar på arbeid. Dette gjer teamet til ein trygg og god arbeidsplass, står det skrive i nominasjonsteksta.

– Ved å støtte og hjelpe kvarandre i dei ulike situasjonane, minskar vi faren for uhell og skade både blant pasientar og personalet. Desse gode kvalitetane blant kollegaene mine, gjer at det å kome på jobb er noko vi ser fram til, og som gir glede i arbeidskvardagen.

Prisen er diplom, blomster, 10 000 kroner og velfortent heider og ære.



Einingsleiar Gunn Helen Hauge Muren tok imot prisen til natt-teamet – som er vinnarane av årets arbeidsmiljøpris i Ulstein kommune. Foto: Janne-Marit Myklebust

Arbeidsmiljøutvalet si grunngiving

Vi legg vekt på at dei er på jobb når alle andre har fri. At dei har faktorar i arbeidstida som kan vere uheldige og risikofremmande. Dei er ein gjeng tilsette som ikkje er særleg synlege. Dei har også utfordringar knytt til sjukefråvær som gir meir belastning blant dei tilsette.

Mange nominerte

Der var fleire gode nominasjonar til arbeidsmiljøprisen 2023:

- Trond Berg (rektor ved Ulstein ungdomsskule)
- Hans Olav Lee (Ulsteinvik barneskule)
- Ung Arena Ulstein
- Turid Johanne Rindal (Alvehaugen bu- og rehabiliteringssenter)
- Inkludering og mangfald
- Natt-teamet i helse og omsorg
- Kristin Meli (leiande helsesjukepleiar)

- Personalet ved Haddal skule
- Sundgotmarka barnehage

3. Anita er årets nyskapar og Hans Olav står bak årets nyskaping

Gratulerer til to verdige og stolte vinnarar av Årets nyskapar 2023 og Årets nyskaping 2023 i Ulstein kommune. Vinnarane vart annonsert under Ulstein kommune sin årlege personalfest på Sjøborg, fredag 2. februar 2024.



Hans Olav Lee står bak årets nyskaping i 2023, og Anita Sundnes er årets nyskapar 2023. Foto: Janne-Marit Myklebust

Årets nyskapar: Anita Sundnes, leiar for plan- og bygningsavdelinga

Grunngiving

Anita har i fleire tiår vore ein sterk pådrivar og idéskapar innanfor kart og digitalisering. Dette arbeidet har kome heile regionen til gode. Anita har sett forbi kommunegrenser og delt raust av kompetansen sin. Ho er ikkje redd for å prøve nye ting, og ho ser moglegheiter der andre ikkje ser noko. Hennar engasjement og kunnskap har vore vesentleg for dei gode resultat kommunen har hatt innanfor kart, plan og generell samfunnsutvikling.

Årets nyskapar får diplom og blomster, deltaking på ein valfri konferanse med nyskaping som tema, og 2 000 kroner.

Årets nyskaping: Pokemonjakt og rollespel

– sosial trening og samhald på tvers av klassetrinn, Ulsteinvik barneskule SFO

Grunngiving

Å vere elev på SFO ved Ulsteinvik barneskule har vore ekstra spennande hausten 2023. Hans Olav Lee har tatt noko kjent, men pakka det inn i ei ny form som gjer at det vert opplevd som noko heilt nytt. Det har vore kjekt og nyttig både for elevar, men også for skule- og SFO-tilsette. Å leike saman er utruleg viktig for sosial trening og samhald. Dette er med på å skape trygge og gode skulemiljø som påverkar både trivsel og motivasjon hos elevane. Elevane har vore i fokus og dei har fått lov til å vere med og utvikle konseptet vidare. Flott!

Årets nyskaping får diplom, blomster og 10 000 kroner. Vinnaren får også med seg "vandrepokalen", ein stein med gulltoppar på, ein ny kvart år, for kvar ny vinnar.

Mange nominasjonar

Til saman kom det inn åtte nominasjonar til nyskaparprisen og fire til nyskappingsprisen. Det er tilsette i Ulstein kommune som kan nominere, og formannskapet som innovasjonsutval som kårar ein vinnar.

Topp tre til nyskaparprisen var (i tilfeldig rekkefølge)

- Vedrana Terzic og Marie Flatin – for innsatsen for ungdom i Ulstein
- Hildegunn Utgård – for satsinga på velferdsteknologi i helse og omsorg
- Anita Sundnes

Dei fire som var nominert til nyskappingsprisen var

- Ulstein frivilligsentral UNG
- Pokemonjakt og rollespel
- Gardsskule, Haddal skule
- "Bli kjent", tverretatleg samarbeid mellom oppvekst, kultur, helse og omsorg

4. Kart – frå handteikna illustrasjonar til avanserte analysar

I 1773 vart Norges geografiske oppmåling (no Statens kartverk) oppretta og dei starta med systematisk kartlegging av heile landet. I løpet av dei neste 200 åra vart landet kartlagt med stadig større detaljgrad og avanserte metodar. Karta vart produsert analogt – altså strekar på papir.




Kjelde: Kartverket Historiske kart – handteikna av Carl Frederik Grove år 1791

Skrive av Anita Sundnes

leiar for plan- og bygningsavdelinga

Dei første digitale karta i Noreg starta å ta form rundt 1970–1980, i takt med den globale utviklinga innan datateknologi og digitalisering. Dette opna for ei meir effektiv handtering og oppdatering av geografisk informasjon. GIS (Geografiske informasjonssystem) vart teke i bruk både i offentlig og privat sektor. Dette la grunnlaget for moderne karttenester og bruken av digitale kart i dagleglivet, frå navigasjonssystem til planlegging og forskning. Kartet vart allemannseige.




Kartverket: Økonomisk kartverk 1965

I dag kan du nærast ikkje opne ein app utan at der er kart som inngangsport til å finne informasjon.


Bruken i kommunane har utvikla seg enormt. Basistenestene der vi nyttar grunnkartet som grunnlag for prosjektering, utarbeiding av arealplanar, eigdomsoppmåling, byggesakshandsaming og utarbeiding av ulike situasjonsplanar og avtalekart er framleis viktig. Men i tillegg kan vi med dei digitale karta køyre analysar og nyttiggjere oss av dei store datamengdene som kommunane sit på, men som gjerne er vanskeleg tilgjengelege. Ved å bruke kart til å visualisere kven som til dømes er tilknytt vatn- og avløpsnett, finn vi fort manglar i kunderegistara. Karta vert produsert med høgdedata, slik at ulike inngrep kan visualiserast i 3D og gjere det enklare å forstå for dei som ikkje er djupt inne i fagsystema.

Mange av analysane som vi i dag gjer, er kopla direkte mot dei oppdaterte karta – det er levande data.

Nokre eksempel på kart vi produserer



Kartanalyse som viser bustadbygging i perioden 2013–2023.




Kart som viser resultatet frå barnetrakkregistreringa 2021.



3D-modell som viser område med fare for lausmasseras.



3D-modell som viser bustadbygg i Ulsteinvik der høgda på bygget illustrere talet på bebuarar.



Kommunalt byggefelt Eiksund med reguleringsplan drapert over terrengmodell 3D.

Personal og organisasjon

Våre tilsette

Ved utgangen av året er det registrert i alt 770 tilsette fordelt på 629,76 årsverk.

Tabellane under er henta frå Visma. Som i andre norske kommunar er det stor overvekt av kvinner i vår bransje. Aldersfordelinga er godt balansert.

År		2022	2022	2023	2023
Org.enhet	Gruppe1	Antall Årsverk	Antall Ansatte	Antall Årsverk	Antall Ansatte
10000	Kommunedirektør	1,50	2	1,50	2
11000	Org og utv	21,82	24	25,70	27
20000	Oppvekst	277,90	318	310,94	350
30000	Omsorg	249,09	313	265,89	337
50000	Teknisk	24,28	53	23,53	55
60000	Politisk	1,20	2	2,20	3

Årsmelding 2023

Aldersgruppering 10 år	År	2023	2023
	Kjønn	Antall Ansatte	Prosent
<25 år	<u>Kvinner</u>	51	6,62%
	<u>Menn</u>	18	2,34%
	Total	69	8,96%
25-34 år	<u>Kvinner</u>	127	16,49%
	<u>Menn</u>	28	3,64%
	Total	155	20,13%
35-44 år	<u>Kvinner</u>	143	18,57%
	<u>Menn</u>	50	6,49%
	Total	193	25,06%
45-54 år	<u>Kvinner</u>	149	19,35%
	<u>Menn</u>	37	4,81%
	Total	186	24,16%
55-64 år	<u>Kvinner</u>	112	14,55%
	<u>Menn</u>	32	4,16%
	Total	144	18,70%
>64 år	<u>Kvinner</u>	21	2,73%
	<u>Menn</u>	2	0,26%
	Total	23	2,99%
Total		770	100,00%

Lærlingar

Ulstein kommune har ein ambisjon om å ha to lærlingar per tusen innbyggjar.

Vi organiserer og administrerer ordninga gjennom felles opplæringskontor. Dette opplever vi som ei god og teneleg ordning. Generelt kan vi seie at det krev større innsats enn tidlegare både å rekruttere lærlingar og å følge opp lærlingane fram til ferdig fagbrev. Det vert jobba aktivt for å få fleire til å nytte ordninga med å ta fagbrev gjennom jobb.

I januar 2023 hadde vi totalt 11 lærlingar fordelt på helsearbeidarfaget (8), barn og ungdom (2) og ernæringskokk (1).

I løpet av 2023, har vi hatt opptak av ti nye lærlingar (to fagbrev på jobb).

Fem av våre lærlingar gjennomførte fagprøva i 2023.

Lærlingar per 31. desember 2023

Totalt: 14

Helsearbeidarfaget 11 (to fagbrev på jobb)

Barne- og ungdomsarbeidarfaget: 5

Ernæringskokkfaget: 1

Lærlingar per 1. januar 2024

Totalt: 16

Av dei var tre under ordninga «fagbrev på jobb»

Tillitsvalde og verneombod

Med auka tal på tilsette har vi også auka frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Frå hausten 2023 vart frikjøp for hovudverneombodet auka frå 20 til 40 prosent. Hovudtillitsvalde har til saman 195 prosents frikjøp fordelt på desse organisasjonane; Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Delta og Norsk sjukepleiarforbund. Dei aller fleste av våre tilsette er fagorganisert. I 2023 forhandla vi med 13 fagorganisasjonar.


Samhandling mellom leiinga og tillitsvalde og verneombod skjer både gjennom faste møte og formell eller uformell dialog ved behov. Ulstein kommune har dyktige og engasjerte tillitsvalde og verneombod som både kan støtte og utfordre arbeidsgivar. I tillegg til faste samhandlingsmøte og drøftingsmøte, deltek hovudtillitsvalde frå dei største organisasjonane på leiarsamlingane internt.

Samla sjukefråvær i Ulstein kommune for 2023, var 9,02 prosent. Dette inkluderer både eigenmeldt (1,51 prosent) og legemeldt fråvær. Dette er ein svak nedgang frå 2022 (9,5 prosent), men framleis høgare enn ambisjonane våre om å ikkje overstige 7 prosent.



Fråværet er ulikt fordelt i organisasjonen. I samarbeid med Nav og bedriftshelsetenesta vert det jobba med både generelle tiltak og meir spissa prosjekt og tiltak til einingar med høgt fråvær.

Årsmelding 2023



Meir detaljert om sjukefråvær i etat og i avdelingane vert opplyst og kommentert under kvar avdeling i årsrapporten.

Likestilling

Kjønnsfordeling

I kommunedirektøren si leiargruppe er kjønnsfordelinga slik: tre menn og fire kvinner.

I gruppa leiarar med økonomi og personalansvar er kjønnsfordelinga slik: 10 menn og 19 kvinner.

Prosentvis fordeling av kvinner og menn i organisasjonen:

År		2023	2023
Måltall		Prosent	Prosent
Org.enhet Gruppe1		Kvinner	Menn
10000	Kommunedirektør	50,00%	50,00%
11000	Org og utv	85,19%	14,81%
20000	Oppvekst	82,00%	18,00%
30000	Omsorg	85,16%	14,84%
50000	Teknisk	14,55%	85,45%
60000	Politisk	33,33%	66,67%

For å rekruttere fleire menn i helse og omsorg har vi delteke i særskilte tiltak som “Menn i helse”. Med alternative arbeidstidsordningar som gir mykje samla fritid, har vi også lykkast med å rekruttere fleire menn innan delar av omsorgsetaten. Det er likevel framleis stor overvekt av kvinner i denne bransjen. I brannvesenet har vi lykkast i å rekruttere kvinner som kan vise veg for fleire.

Inkludering

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 skal kommunen som arbeidsgivar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søke å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Arbeidet skal blant anna omfatte områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingshøve, tilrettelegging og høve til å kombinere arbeid og familieliv.

Etter likestilling- og diskrimineringslova § 26 a har kommunen plikt til å utgreie den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda og kva vi gjer for å oppfylle aktivitetsplikta etter § 26. Kvart andre år har vi plikt til å kartlegge lønnsforholda fordelt på kjønn og bruken av ufrivillig deltid. Vi arbeider saman med fagorganisasjonane og hovudverneombodet i arbeidet med personalreglement, leiaropplæring, tilsettingsrutinar og lønnsarbeid for å styrke arbeidet vårt med å fremme likestilling og hindre diskriminering.

År	<u>2022</u>	<u>2023</u>
Måltall	Prosent	Prosent
Stillingsstørrelsegruppe	<u>Kvinner</u>	<u>Menn</u>
>0-24%	44,44%	55,56%
25-49%	78,57%	21,43%
50-74%	82,19%	17,81%
75-99%	89,66%	10,34%
100%	80,09%	19,91%

Heiltid/deltid

Arbeidet med å styrke heiltidskulturen i Ulstein kommune er godt forankra i leiinga og i store delar av organisasjonen. Dette er ikkje lenger eit prosjekt, men eit kontinuerleg arbeid som vert jobba med i godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Det er motiverande å sjå den positive utviklinga vi har hatt dei siste åra. I 2016 var det 34,5 prosent av kvinnene som hadde 100 prosents stilling i Ulstein kommune. I 2023 var talet 53,7 prosent. Gjennomsnittleg stillingsstorleik er no 85 prosent for kvinner og 70 prosent for menn. I hels-e og omsorgsetaten er gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner 89,2 prosent mot 68,4 prosent for menn. Om lag 50 prosent av dei tilsette i helse- og omsorgsetaten har 100 prosents stilling. Dette er nesten dobbelt så mange som i 2017. Det må også nemnast at vi har mange små stillingar i brannvesenet (brannkonstablar i 1,68 prosents stilling) som påverkar statistikken i negativ retning.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0 - 24,9% Alle	13	13	10,8	12,7	10,1	12	11,5	12,3	13,5
Kvinner	10,7	9,5	8,6	8,3	5,8	8,6	7,7	8,8	9,1
Menn	22	25,7	19,3	27,7	24,6	23,3	25	24,5	27,6
25-49,9% Alle	7,6	8	7,4	8,6	6,9	7,3	6,8	7,2	7,6
Kvinner	7,4	8	7,5	8,9	7,1	7,5	6,5	7,3	7,7
Menn	8,5	8,1	7,1	7,7	6,3	6,7	7,9	7,1	6,5
50-74,9% Alle	20,2	16,9	16,5	15,9	16,1	14,2	14,8	12,9	11,2
Kvinner	22,7	18,2	17,6	17,3	18,4	15,5	16,6	13,9	11,3
Menn	10,2	12,2	12,1	11	8,5	9,8	8,5	9,2	11,1
75-99,9% Alle	21,1	24,4	21,8	20	17,6	16,9	17,8	14,9	15
Kvinner	24,2	29,9	25,5	23,7	23,7	19,4	19,9	16,4	16,6
Menn	8,5	4,7	7,1	7,1	7	8,6	10,4	9,8	9,7
100% Alle	38,1	37,7	43,5	42,8	49,3	49,6	49,1	52,8	52,9
Kvinner	34,9	34,5	40,7	41,7	48	49,1	49,3	53,7	55,3
Menn	50,8	49,3	54,3	46,5	53,5	51,5	48,2	49,5	45,2

Kjønn og lønn

Ulstein kommune hentar lønnsstatistikken sin frå statistikpakken til KS.

Kommunen har eit tett samarbeid med tillitsvalde i samband med stillingsutlysingar, tilsettingar og forhandlingar. I 2023 var det ikkje sett av midlar til lokale forhandlingar for dei store lønnsgruppene i kommunen.

Av tabellen under ser vi at grunnlønna til kvinner, justert for alder, stillingsgruppe stillingskode og utdanning er god. Kvinner har svakare månadsforteneste enn menn. Dette knyter seg til tillegg og overtidsarbeid.

	Årstal					
	2021		2022		2023	
Justert for	Kvinner si forteneste per månad i prosent av menns	Kvinner si grunnlønn i prosent av menns	Kvinner si forteneste per månad i prosent av menns	Kvinner si grunnlønn i prosent av menns	Kvinner si forteneste per måned i prosent av menns	Kvinner si grunnlønn i prosent av menns
Ujustert	89,9	96,1	93,2	99,0	93,4	99,6
Alder	89,9	96,1	93,2	99,0	93,4	99,6
Stillingsgruppe	90,6	98,0	94,2	100,2	94,1	100,6
Stillingskode	99,0	100,8	101,9	103,2	101,8	103,6
Utdanning	90,7	100,0	93,2	100,6	94,7	102,4

Internkontoll og avvik

Internkontroll

I samsvar med vedtaket i kommunestyret sak 63/22 punkt 1 vart det tilsett ein kvalitets- og tenesteutviklar og fagansvarleg kvalitet og beredskap sommar/hausten 2023.

Internkontrollen i Ulstein skal vere risikobasert. Ein risikobasert internkontroll vil gi oss grunnlag for korleis vi legg opp internkontrollen og kva tiltak og kontrollaktivitetar som bør gjennomførast.

Ein viktig jobb i 2024 vil derfor vil vere å risikovurdere kommunen på eit overordna nivå som vil vere eit grunnlag for korleis vi legg opp internkontrollen og kva tiltak og kontrollaktivitetar som bør prioriterast/gjennomførast. Ein slik gjennomgang vil også kunne avdekke overlappande eller unødvendige tiltak som kan vere med å effektivisere og heve kvaliteten på tenestene våre. Mykje av dette kartleggingsarbeidet er planlagt 1.kvartal 2024.

Nedanfor går det fram litt av det overordna internkontrollarbeidet som vart jobba med i 2023.

Internkontrollarbeid	Status 2023
Gjennomgang av avvikssystemet innanfor oppvekstsektoren:	Gjennomført
Oppdatering av delegeringsreglement	Ferdig 1.kvartal 2024
Utarbeide overordna plan for kvalitet og internkontroll	Gjennomført
Støtte barnehagane med rutinebibliotek i kvalitetssystemet	Gjennomført
Innkjøp - Utarbeide og revidere rutinar/prosedyre	Gjennomført
Rapportering til kommunestyret, status internkontroll (nov. 2023)	Gjennomført
ROS- analysearbeid	
ROS-analysar HMS (ulike einingar helse og omsorg)	Gjennomført
Overordna ROS - Personvern og informasjonssikkerheit	Planlagt 1.kvartal 2024
Overordna ROS- Etatsnivå	Planlagt 1.kvartal 2024
Overordna ROS - Innkjøp	Planlagt 1.kvartal 2024
Informasjonssikkerheit og personvern	
Sikkerheitskurs for alle tilsette (oktober)	Gjennomført
Utarbeide felles IT-instruks (sikkerheitsgruppa) (innføring 2024)	Gjennomført
Utarbeide felles IKT - handbok (sikkerheitsgruppa)	Gjennomført
Utarbeide felles IT-instruks (sikkerheitsgruppa)	Gjennomført
Protokollføring av behandlingsaktivitetar	Over 300 behandlingar
Kartlegging av system (systemoversikt)	Kartlagt ca. 200 system

Tilsyn 2023	Status 2023
Tilsyn Ulstein sjukeheim – Arbeidstilsynet, systematisk HMS-arbeid	Lukka
Tilsyn Heimebaserte tenester – Arbeidstilsynet, systematisk HMS-arbeid	Lukka
Tilsynssak legevakt i Ulstein frå Statsforvaltar	Lukka
Tilsyn med helse- og omsorgstenester frå statsforvaltar	Lukka
Tilsyn vedrørande lærarnorm UBS frå Statsforvaltar	Lukka
Tilsyn med helse- og omsorgstenester frå statsforvaltar	Lukka
Tilsyn med overordna beredskapsplan	Lukka
Tilsyn UEKF Arbeidstilsynet – i hovudsak bygningsmessige tilhøve	Delvis lukka. Frist for lukking 22.04.24

Kvalitetssystemet Samsvar

Samsvar er det overordna kvalitetssystemet til kommunen. Systemet vart innført januar 2023, og sjølv om det er delvis implementert ut i etatane, ser vi at det er naudsynt med meir opplæring og støtte for å bruke systemet på ein god måte også i 2024.

Avvik

Kommunen har teke i bruk avviksmodulen i kvalitetssystemet Samsvar hausten 2022. Vi har hatt ein jamn auke i talet på innmeldte avvik gjennom 2023. Sjølv om vi ser ein jamn auke i innmeldte saker var det store forskjellar mellom etatane i kor godt dei har fått implementert/informert dei tilsette om den nye avviksmodulen. Vi er i gong med å informere/gjennomgå systemet ut i organisasjonen. Hausten 2023 har dette arbeidet i stor grad vore retta mot oppvekstsektoren både på lærar- og leiarnivå og vi vil i 2024 fortsette dette arbeidet opp mot dei andre etatane.

Område	Det samla talet saker	Avvik	Forbetrings forslag	Pågande saker	Lukka saker	Avvist	Forfalne saker	Behandling stid (dagar)
Helse og omsorg	855	854	1	14	825	16	2	15
Oppvekst	143	142	1	69	70	4	1	56
Teknisk	3	3	0	1	0	2	0	77
Organisasjon og utvikling	32	18	14	1	16	15	0	27
Økonomi	0	0	0	0	0	0	0	0
Personal	2	2	0	0	2	0	0	40
UEKF	7	5	2	6	1	0	1	227
Andre*	12	11	1	1	11	0	0	31
SUM	1054	1035	19	92	925	37	4	19

Avviksområder	Helse og omsorg	Oppvekst	Teknisk	Org. og utvikling	Økonomi	Personal	UEKF	Andre*	SUM
Helse, miljø og tryggleik	65	47	2	4	0	1	5	1	125
Medisinhandtering	135	1	0	3	0	0	0	3	142
Vald og trugslar	581	77	0	1	0	1	0	5	665
Tenestekvalitet	71	14	1	8	0	0	0	2	96
Personvern og informasjonstryggleik	2	3	0	2	0	0	0	0	7
SUM	854	142	3	18	0	2	5	11	1035

Alvorsgrad	Det samla talet saker
Ikkje vurdert	584
Mindre alvorleg	287
Alvorleg	137
Svært alvorleg	27
SUM	1035

Etikk og verdigrunnlag

Vi har etiske retningslinjer som gjeld både folkevalde og tilsette i Ulstein kommune.

Retningslinjene skal vere ei hjelp til større forståing, openheit og innsyn, og med det unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Kommunestyret, kommunedirektør og einingsleiarar skal utøve eit leiarskap basert på høg etisk standard. Etikkgrelementet er forankra i kommunen sine kjerneverdier: Nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald.

Retningslinjene vert gjort kjent for alle tilsette ved tilsetting. Lojalitet mot regelverket og yringsfridom vert diskutert i organisasjonen med ujamne mellomrom. Vi har ikkje klare eksempel på at dette kjem i konflikt. Yringsfridomen står sterkt, og det er positivt at kommunalt tilsette deltek i det offentlege ordskiftet.

Etikk og tillit

Høg etisk standard er eit grunnlag for tillit frå innbyggjarane til kommunen. Etikk er også ein viktig byggestein i kommunane sitt arbeid med ein god internkontroll. Etter kommunestyrevalet i 2023 vart det halde folkevaldopplæring for nyvalde politikarar i Ulstein i samarbeid med KS. Den administrative leiinga deltok også på opplæringa. Etikk var eitt av emna som vart gjennomgått, med vekt på spørsmål om gildskap. Ulike etiske dilemma vart drøfta.

Kommunen nyttar det nasjonale Styrevervregisteret, der roller og eigarinteresser til folkevalde, kommunedirektøren si leiargruppe og mellomleiarar med budsjettansvar går fram.

Personvern

Personvern har fått auka merksemd dei siste åra på grunn av personvernforordninga (GDPR), også i vår organisasjon. I 2019 publiserte vi omfattande oversikter over kva personopplysningar dei ulike etatane samlar inn – og korleis opplysningane vert behandla. Det er i gong arbeid med å oppdatere denne oversikta, og det vert dokumentert korleis kommunen samlar inn og nyttar personopplysningar. På nettstaden viser vi korleis innbyggjarane kan gå fram for å be om innsyn i opplysningane vi har om dei.

Avtalen med interkommunalt arkiv Møre og Romsdal om kjøp av tenester innan GDPR-området vert vidareført slik at kommunen har dialog med ein ekstern part i arbeidet. Vi får då nytte av dei ressursane som ligg i interkommunalt arkiv på dette området.

Den økonomiske utviklinga i kommunekassa

Resultat

Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit negativt netto driftsresultat på 15,5 millionar kroner, 18,3 millionar kroner dårlegare enn revidert budsjett. Netto inntektsføring frå bundne driftsfond på 4,3 millionar kroner gjer at disposisjonsfondet vert redusert med 11,2 millionar kroner. 4,4 millionar kroner av denne reduksjonen kjem av at sjølvkostfonda ikkje er store nok til å dekke heile underskotet på 8,7 millionar kroner innan sjølvkostområdet. Kommunen vil kunne føre dette tilbake igjen til disposisjonsfondet viss sjølvkostområdet går med eit tilsvarande overskot i løpet av dei neste 5 åra. I tillegg er 1,2 millionar kroner av disposisjonsfondet brukt til til å overføre Gardstunet Petterbakken som gåve, og 0,5 millionar kroner er overført frå disposisjonsfondet til Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) til reparasjon av dansesalen på Reiten. Ved utgangen av 2023 utgjer disposisjonsfondet 39,5 millionar kroner i kommunekassa.


Skatt og rammetilskot

For skatt og rammetilskot er dei eit samla negativt avvik på 1,5 millionar kroner. Kommunen fekk 547 000 kroner i auka rammetilskot rett før jul i form av restskjønnsmidlar (200 000) og koronavaksinasjon til innbyggjarar over 65 år (347 000) som det ikkje er budsjett-regulert for.

I budsjettvedtaket for 2023 vart det lagt til grunn ei skatteinntekt per innbyggjar på 98,5 prosent av landssnittet i KS sin prognosemodell. Den faktiske skatteinntekta per innbyggjar vart på 90,0 prosent av


landssnittet. For ein kommune på storleik med Ulstein vil ein nedgang på 1 prosent i forhold til resten av landet utgjere om lag 1,35 millionar kroner i netto inntektstap. Når det negative avviket på skatt ikkje vart større enn 2,1 millionar kroner, kjem det av at den faktiske skatteinntekta til norske kommunar vart vel 5,8 milliardar større enn rekna med i revidert nasjonalbudsjett. Meirskatteveksten er likevel vesentleg mindre enn meirskatteveksten i 2022 på 19,4 milliardar og i 2021 på 15,3 milliardar, og forklarar mykje av forverringa i resultatet i forhold til tidlegare år.

Ulstein har sidan oljenedturen starta i 2014 stadig tapt terreng mot resten av landet med omsyn til skatteinntekt per innbyggjar. Som figuren under viser, hadde Ulstein truleg hatt nesten 40 millionar kroner meir å rutte med om skatteinntektene hadde vore på nivå med 2014:



Det var eit markant fall i skatteinntektene frå 2015 til 2016, før inntektene så stabiliserte seg rundt landssnittet i perioden 2016–2021. Dei to siste åra har det vore eit nytt fall i skatteinntektene, og Ulstein ville ha hatt ein netto inntektsauke på om lag 17 millionar kroner om skatteinntektene i 2023 var på same nivå som i 2020. Redusert inntekt frå formuesskatten kan forklare noko av inntektsnedgangen frå 2015 til perioden 2016–2021, men neppe inntektsnedgangen dei to siste åra:


Formuesskatt for likningsåra 2010-2022 (1000 kr)



For likningsåret 2014 hadde Ulstein den femte største inntekta frå formuesskatten per innbyggjar i landet med 4 094 kroner per innbyggjar. For likningsåret 2022 er denne redusert til 3 283 kroner per innbyggjar, men kommunen har likevel den 44. største inntekta per innbyggjar i landet.

Eigedomsskatt

Inntektene frå eigedomsskatten auka med vel 0,9 millionar kroner i 2023, og bidrog til eit positivt budsjettavvik på 0,7 millionar kroner. Samanlikna med resten av landet er likevel inntektene frå eigedomsskatten per innbyggjar låge:



Inntektene frå eigedomsskatten inngår ikkje i inntektsutjamninga og kommunane får derfor behalde inntekta i sin heilskap. For 2024 er det vedtatt å sette ned eigedomsskattesatsen frå 1,75 % til 1,50 %.

Andre generelle driftsinntekter

Statlege tilskot knytt til kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottaket og integrering av busette flyktningar har auka kraftig med bakgrunn i flyktningssituasjonen. Desse inntektene utgjorde 67,4 millionar kroner i 2023 og var 10,3 millionar kroner meir enn budsjettet. I tillegg vart inntektene frå Havbruksfondet 0,3 millionar kroner større enn budsjettet.

Netto finansutgifter

Netto finansutgifter viser eit samla budsjettoverskot på 1,3 millionar kroner. Hovudårsaka til dette er at avkastninga på midlar til aktiv forvaltning vart 2,2 millionar kroner betre enn budsjettet avkastning på 1,5 millionar kroner, sjå tabellen under:

	Kostpris	Portefølje 01.01.2023	Kjøp/sal 2023	Avkastning 2023	Portefølje 31.12.2023
ODIN Norge B	2 131 048	3 079 827		403 476	3 483 303
ODIN Global B	4 500 000	5 524 058		1 326 158	6 850 216
ODIN Norsk Obligasjon B	1 500 000	1 539 663	1 589	93 594	1 633 257
ODIN Kreditt B	1 500 000	1 581 702		159 154	1 740 856
ODIN Likviditet A	32 227 500	36 752 090		1 746 302	38 498 392
Totalt	41 858 548	48 477 340	1 589	3 728 684	52 206 024

22. juni 2020 vart det overført 44 227 500 til ODIN Forvaltning for aktiv forvaltning. Tabellen under viser at det er oppnådd ei ekstra avkastning på vel 4,1 millionar kroner samanlikna med avkastninga kommunen ville ha hatt etter rentevilkåra i bankavtalen:

Dato	22.06.2020	31.12.2023	Avkastning
ODIN	44 227 500	52 206 024	18,04 %
Bankinnskott Sparebank1	85 722	92 986	8,47 %
Tilleggsrente plasseringskonto		214	0,25 %
Alternativ avkastning ved plassering i bank	85 722	93 200	8,72 %

ODIN-portefølje 31.12.2023	52 206 024
Saldo ved plassering av 44 227 500 i bank	48 085 865
Meiravkastning	4 120 159

Minsteavdraget vart 0,6 millionar kroner større enn budsjettet. Rentekostnadene har eit mindre negativt avvik i underkant av 0,3 millionar kroner. Sidan nesten 60 prosent av konsernet si gjeld ligg i eigedomsselskapet, vert det rapportert meir utførleg om lånegjelda i konsernkapitla.

Fond

Ved inngangen til 2023 hadde Ulstein kommune om lag 64,5 millionar kroner i fond som kan nyttast til driftstiltak og 11,5 millionar kroner i fond som kan nyttast til investeringstiltak. Ved utgangen av 2023 er dette redusert til 49,0 millionar kroner i driftsfond, mens investeringsfonda er auka til 13,5 millionar kroner. Bundne fond er fond som ikkje kan disponerast fritt av kommunen, men som er bundne til gitte føremål. Tabellen under viser fondsutviklinga dei siste fem åra:

År	2019	2020	2021	2022	2023
Disposisjonsfond	39 455 736	29 601 651	37 852 388	50 665 407	39 470 000
Bundne driftsfond	11 590 015	20 129 181	19 558 027	13 814 568	9 519 000
Sum driftsfond	51 045 751	49 730 832	57 410 415	64 479 975	48 990 000
Kapitalfond	41 759 401	32 181 826	20 668 778	10 204 029	6 549 000
Bundne investeringsfond	1 878 526	844 407	3 173 210	1 292 955	6 905 000
Sum investeringsfond	43 637 927	33 026 233	23 841 988	11 496 984	13 455 000

Dei største bundne driftsfonda er:

Morsmåltrening i barnehage	1 020 266
Re-kompmidlar	888 879
Tapsfond vidareutlån frå Husbanken	854 766
Dekompmidlar	834 618
Konsesjonsavgift Ulsteindalen	666 486
Helseplattformen	549 386
Næringsfond	540 165

I 2023 fekk sjølvkostområdet eit underskot på 8,7 millionar kroner. Ved starten av året var det ikkje fondsmidlar igjen på vatn og feiing, mens avløp hadde eit fond på 4,3 millionar kroner. Ved utgangen av 2023 er alle sjølvkostfonda tømte, og sidan det ikkje er lov med negative sjølvkostfond er disposisjonsfondet belasta med 4,4 millionar kroner som ei mellombels finansiering. Dette vert henta inn igjen når desse områda går med overskot.

Pensjon


Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er rekna utifrå langsiktige føresetnader om avkasting, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene vert rekna ut på ein annan måte enn pensjonspremien som vert betalt til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to beløpa. For 2023 er denne forskjellen rekordstor, og utgjer heile 45,8 millionar kroner. Forskjellen vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket vert tilbakeført (amortisert) igjen neste år med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 for premieavvik oppstått i frå 2011 til 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått i frå 2002 til 2010. Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt svært stor innverknad på netto driftsresultat ved at brutto rekneskapsførte pensjonsutgifter i 2023 er 39 668 594 kroner mindre enn faktisk betalte pensjonspremiar. Sjå tabellen under:

Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapen		2023	2022
A	Berekna netto pensjonskostnad	38 454 644	35 321 155
B	Forfalt pensjonspremie (eks. adm.kostnader)	84 290 002	48 893 134
C	Årets premieavvik (A-B)	-45 835 358	-13 571 979
D	Amortisering av tidlegare års premieavvik	6 166 764	4 937 595
E	Administrasjonskostnad	1 913 734	1 750 239
F	Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (B+C+D+E)	46 535 142	42 008 989
G	Pensjonstrekk tilsette	7 633 058	6 865 360
	Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)*	38 902 084	35 143 629

* eks tilskot til sikringsordninga

Det akkumulerte premieavviket (medrekna arbeidsgivaravgift) utgjer 72,3 millionar kroner ved årets slutt. Dei komande sju åra vil dette gi slike kostnader:

Amortisert pensjonskostnad 2024-30 (medrekna arbeidsgjevaravgift)



Ulstein kommune er medeigar i KLP, og har betalt 1 317 871 kroner i eigenkapitaltilskot for 2023. For 2024 vil Storebrand ta over for KLP som pensjonsleverandør for folkevalddordninga og fellesordninga for kommunar.

Vesentlege avvik etter § 14-7 i kommunelova

Etter § 14-7 i kommunelova skal årsmeldinga gjere greie for vesentlege avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen. Tabellen under viser avvika per kommunalområde sortert på KOSTRA-art etter § 5-4 andre ledd i rekneskapsforskrifta:

Inntekter, utgifter og avsetningar etter KOSTRA-art sortert på kommunalområde	Politisk og administrasjon	Oppvekst og kultur	Helse og omsorg	T
Andre overføringer og tilskot frå staten	-560 000	501 396		
Overføringer og tilskot frå andre	1 104 661	13 469 831	6 717 918	
Brukarbetalingar		1 467 602	1 854 663	
Sals- og leigeinntekter	-167 131	2 993 156	593 418	
Avvik driftsinntekter	377 530	18 431 984	9 165 999	
Lønsutgifter	-498 964	-15 215 812	-11 318 576	
Sosiale utgifter	4 632	-151 400	-3 789 424	
Kjøp av varer og tenester	1 320 001	-6 255 459	-13 671 776	
Overføringer og tilskot til andre	-641 601	-1 097 135	496 120	
Avskrivningar				
Avvik driftsutgifter	184 068	-22 719 806	-28 283 655	
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-354			
Renteinntekter	19 915			
Renteutgifter	-108	-1 785	-675	
Avvik netto finansutgifter	19 452	-1 785	-675	
Avsetningar til bundne driftsfond	77 591	-3 782 811	-1 247 903	
Bruk av bundne driftsfond	496 207	3 347 832	979 586	
Avvik netto avsetning til fond	573 798	-434 979	-268 317	
Totalt avvik per kommunalområde	1 154 848	-4 724 586	-19 386 648	

Tabellen viser eit samla positivt avvik på 27,4 millionar kroner for driftsinntektene, mens det er eit negativt avvik 55,9 millionar kroner for driftsutgiftene. For overføringer og tilskot frå andre kjem 9,5 millionar kroner av større refusjonsinntekter frå kommunar enn budsjettert. Det største positive avviket kjem av større sal av tenester frå flyktingtenesta til Sande kommune enn rekna med. Det er også vesentlege positive avvik knytt til PPT og brann, som for det meste kjem av det tidlegare omtalte premieavviket og at betalte pensjonspremiar vert lagt til grunn ved fakturering av interkommunale samarbeid. Refusjonsinntekta frå staten er 8,9 millionar kroner større enn budsjettert. Her kjem dei største meirinntektene frå prosjekttinntekter ved helsestasjonen og tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald.

For brukarbetalingar er dei største positive avvika knytt til inntekter frå skulefritidsordning og institusjonsopphald. Det positive avviket for sals- og leigeinntekter kjem hovudsakleg frå Sjøborg kino og kulturhus, mens det negative avviket ved teknisk etat kjem av mindreinntekter innan oppmåling/byggesak og vatn.

På utgiftssida er det eit negativt avvik på 15,1 millionar kroner for kostnader som er ført på prosjekt. Desse kostnadene vert i stor grad finansierte av meirinntektene som er omtalt over. Det er likevel til dels betydelege negative avvik knytt til vikarbruk, særleg innan oppvekst og kultur. For kjøp av varer og tenester kjem mindreforbruket ved politisk og administrasjon hovudsakleg av mindre overføringer til SSIKT enn budsjettert, mens det for dei andre kommunalområda er betydelege negative avvik. For helse og omsorg er 11,2 millionar kroner knytt til kjøp av interkommunale tenester frå Nav Hareid, barnevern, nattlegevakt i Volda, krisesenter i Ålesund og driftstilskot til legar og fysioterapeutar. For oppvekst og

kultur er dei største avvika knytt til refusjon for privat spesialundervisning i privat skule og betaling for barnehageplass i andre kommunar for barn busett i Ulstein kommune. Større utgifter enn budsjettert til brøyting, strøing, vegvedlikehald, veglys og utskifting av driftsmateriell innan avløp er årsaka til det negative avviket ved teknisk etat.

For overføringar og tilskot til andre er det eit større negativt avvik ved Sjøborg kulturhus som vert dekt av meirinntekter frå sals- og leigeinntekter. For meir detaljerte kommentarar om dei økonomiske avvika vert det vist til omtalen på dei ulike kommunalområda og avdelingane.

Investeringar

Investeringar 2023 Politisk og Adminstrasjon						
Tal i 1 kroner	Rekneskap 2022	Opph.budsjett 2023	Reg.budsjett 2023	Rekneskap 2023	Avvik	Kommentar
Nytt kyrkjebygg - reguleringsplan	814 456	0	2 060 293	0	2 060 293	
Etterisolering himling	0	0	52 488	0	52 488	
Investeringsmidlar omstilling	0	0	607 648	0	607 648	Dette vil inngå som del av SMART-prosjekt, som vil starte hausten 2024
Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	0	0	804 500	0	804 500	Prosjektet vil starte og er starta 1. kvartal 2024
Oppgradering av Ulstein kyrkje	4 723	1 150 000	2 968 191	0	2 968 191	
Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard	0	0	925 000	0	925 000	
						Investeringsmidlane var tenkt brukt til innleige av vikarar, utvikling av integrasjonar, automatikk i nytt økonomi- og HR-system. Dette har vore gjort innanfor driftsbudsjettet. Dette prosjektet er avslutta.
Nytt HR/økonomisystem	41 350	0	1 208 650	64 154	1 144 496	
Div.finanstransaksjoner investering	3 211 668	0	1 317 871	1 317 871	0	Eigenkapitalinnskot KLP
Sum område	4 072 197	1 150 000	9 944 641	1 382 025	8 562 616	

Investeringar 2023 Oppvekst og kultur						
Tal i 1 kroner	Rekneskap 2022	Opph.budsjett 2023	Reg.budsjett 2023	Rekneskap 2023	Avvik	Kommentar
Div.finanstransaksjoner investering	0	0	2 900 250	2 900 250	0	Kjøp av aksjar Høddvoll stadion.
Utvikling av skuleområde - forprosjekt	0	0	200 000	0	200 000	
Oppgradering av leikeområde skular	0	0	662 500	0	662 500	
IKT-utstyr skulane	2 121 907	0	0	0	0	
Skisse/forprosjekt kommunal barnehage	716 322	0	0	0	0	
Forskottering av tippemidar til nyturnhall	5 950 000	0	0	0	0	
Ung i Ulstein aktiv (investering)	839 547	0	0	0	0	
						Overføring til UEKF. Prosjektet blir ikkje gjennomført.
Ventilasjonsanlegg Sundgotmarka	0	0	600 000	0	600 000	
Ventilasjonsanlegg Ulstein ungdomsskule	400 000	0	0	0	0	
Oppgradering Almejordet barnehage	2 603 824	0	0	0	0	
Uteområde Hasund skule	200 000	0	0	0	0	
Forskottering spelemidlar rehabilitering Ulsmohallen	476 880	0	0	0	0	
Flytting av Almejordet bhq til UEKF	9 891 835	0	0	0	0	
Turveg Bugardsmyrane til Osberget	0	0	0	12 824	-12 824	
Sum område	23 200 315	0	4 362 750	2 913 074	1 449 676	

Årsmelding 2023

Investeringar 2023 Helse og omsorg						
Tal i 1 kroner	Rekneskap 2022	Opph.budsjett 2023	Reg.budsjett 2023	Rekneskap 2023	Avvik	Kommentar
Velferdsteknologi 2018/19/20/21	38 671	0	0	0	0	
Pasientvarsling Alvehaugen	0	0	6 250 000	5 062 922	1 187 078	Pasientvarsling Alvehaugen vart sett i drift i November, har fått tilsagn og 55 % refundert frå Husbanken
Pasientvarsling Holsekerdalen 20 og 22	0	8 200 000	8 200 000	0	8 200 000	Når vi planla bytte av pasientvarsling tenkte vi at vi skulle ha det på både Alvehaugen og HD20 og 22. Derfor vart det sett opp over 3 ulike år. Etter kvart såg vi at det var tilstrekkelig å ha vanlige trygghetsalarmer og RoomMate på HD20 og 22. Prosjekt blir dermed ikkje gjennomført.
Nye omsorgsbustadar inkl. forprosjekt	200 000	0	0	0	0	
Kjøp av elbilar - helse og omsorg	0	4 900 000	4 900 000	3 925 243	974 757	Kjøpt bilar til HD 22 og heimetenesa.
Inventar/utstyr kjøkken Ulstein sjukeheim	0	0	0	556 613	-556 613	Det var kjøp av nye gryter grunna dei vi hadde var utslitt og det vart svært dyre reparasjonar på dei. Grytene var frå 2003 når kjøkkenet var nytt. Det var ikkje pålegg om utbetring, men erstatning for utslitt utstyr. Kjøkkenet er avhengig av desse grytene for å kunne utføre arbeidet sitt.
Sum område	238 671	13 100 000	19 350 000	9 544 778	9 805 222	

Årsmelding 2023

Investeringar 2023 Teknisk etat						
Tal i 1 kroner	Rekneskap 2022	Opph.budsjett 2023	Reg.budsjett 2023	Rekneskap 2023	Avvik	Kommentar
						Gravplasssaka har ikkje fått si avklaring etter fleire utsettingar frå kommunestyret. Sak med val av alternativ skal handsamast av kommunestyret på nytt i mai 2024. Deretter blir det regulerings- og grunnnervversprosess.
Gravplass - grunnnerverv/arkeologi	0	10 000 000	10 000 000	0	10 000 000	
Vikebakkevegen - veglys/gangfelt/asfalt	0	0	87 521	0	87 521	Dette er avslutta.
						Innkjøp og montering av leikeutstyr som mangla (var glemmt i forkant av anbodsinnhentinga). Vert dekt av framtidig tomtessalsinntekt.
Legehaugane	0	0	0	100 761	-100 761	Bustadfelt der prosjektet er «ope» pga. at tomter er for sal. Salsinntektene vert førte inn på prosjektet før dei går til nedbetaling av lån (dynamisk).
Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	4 816 275	0	4 982 854	314 657	4 668 197	Starta opp no i vår, ferdig i løpet av 2024.
Sanitærbygg Osnessanden	0	0	1 250 000	0	1 250 000	Det vart ikkje selt tomter i Saunesmarka i 2023, men veg og tekniske anlegg vart bygt for å leggje til rette for sal av nye areal. Det er selt ei tomt på nyåret 2024 som finansierer dette.
						Har vorte forseinka mellom anna på grunn av at reguleringsprosessen for Mylna har drege ut i tid.
Tomteklargjering Saunesmarka	2 822 047	0	0	1 058 180	-1 058 180	Restmidlar skal disponerast til byggesteg 2 som vert arbeidd med uavklara framdrift.
Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	0	0	1 900 000	0	1 900 000	Det viste seg at innreiing av feiarbilane (skap for utstyr, varsellys osv.) måtte takast på investeringsprosjektet (det var lagt til grunn at det kunne vere drift).
						Det kom til noko meir utgifter enn føresett i kommunestyresaka om løyving til kjøp av strandareal, advokathonorar, eit ekstra oppmålingsgebyr pga. deling frå to eigedommar i staden for ein. Dette er årsaka til avviket.
Grunnkjøp og grunnsal 2023	0	0	290 000	339 569	-49 569	Dette var ferdig i 2022.
Sikring av boss plass Flestrand	737 125	0	408 773	0	408 773	Prosjekt som må gå over fleire år då vi etablerer måling ved utskifting av armatur og oppgradering i del-område.
Automatisk måling av veglys	0	0	625 000	76 099	548 901	Tiltakvart litt meir kostbart enn budsjettet.
Oppmålingsutstyr	0	0	109 587	158 752	-49 165	Vi har ført 132 209,2 kr av utgifter, og ei inntekt på 150.000 kroner – så det står altså igjen 17.790,8 igjen i prosjektet.
						Pågår
Materiell, verkøy og utstyr ny brannstasjon	126 810	0	0	38 576	-38 576	
Digitalisering av byggesaksarkiv	139 783	0	2 138 467	1 087 728	1 050 739	
Tilskot veglys 2022	393 750	0	0	0	0	
Trykkauking Kolbeinshaugane	1 029 124	0	0	162 408	-162 408	
Andel Skeide vatn	1 219 307	0	0	12 967	-12 967	
Hovedvassledning V20 Haddal	1 548 984	0	0	1 999 107	-1 999 107	
Mindre nyanlegg vatn 2022	651 071	0	0	0	0	
Mindre nyanlegg vatn 2023	0	2 193 000	2 193 000	1 109 758	1 083 242	
Ny driftsbil vatn	0	1 000 000	1 000 000	1 081 495	-81 495	
Trykkaukestasjon PV 7 Solsida Haddal	0	2 577 000	2 577 000	0	2 577 000	
Oppmålingsutstyr			54 794	63 502	-8 708	
Hovudvassledning etappe 4	5 702 048	0	0	0	0	
Investeringar vatn 2023 (sjølvkost)	10 150 534	5 770 000	5 824 794	4 429 237	1 395 557	Ramme overførast til 2024.
Ombygging fonying pumpestasjonar	0	0	314 544	0	314 544	
Andel Skeide avløp	1 438 601	0	0	1 600	-1 600	
Overvatn slamavskiljar Haddal	0	0	500 000	0	500 000	
Sanering Osbergvegen	0	1 000 000	2 650 000	1 869 847	780 153	
Mindre nyanlegg avløp 2022	2 022 815	0	0	0	0	
Mindre nyanlegg avløp 2023	0	1 570 000	1 570 000	2 125 947	-555 947	
Avløp Solsida Haddal	0	500 000	500 000	733 712	-233 712	
Resipientundersøking	302 150	0	0	0	0	
Oppmålingsutstyr			54 794	63 502	-8 708	
Investeringar avløp 2023 (sjølvkost)	3 763 566	3 070 000	5 589 338	4 794 608	803 438	Ramme overførast til 2024.
Sum område	25 717 481	18 840 000	35 144 794	12 579 563	22 573 939	

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2022	Opph.budsjett 2023	Reg.budsjett 2023	Rekneskap 2023	Avvik	Kommentar
Sum alle område	53 228 664	33 090 000	68 802 185	26 419 440	42 391 453	

Kommunen sine tenesteområde

Politisk og administrasjon

Om oss

Kommunalsjef organisasjon og utvikling Monica Cecilie Torp
 Personalleiar Kari Riise
 Økonomileiar Steinar Nummedal

Sentraladministrasjonen er tredelt og består av kommunedirektørkontoret og stabsfunksjonane til kommunedirektøren. Sentraladministrasjonen utfører støtte- og fellestenester til resten av organisasjonen. Fag- og tenesteområda i etaten er ansvarleg for er personal, økonomi, arkiv, personvern, jus, kommunikasjon, beredskap, sikkerheit og digitalisering. Tenesteområdet har også ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring, kvalitets- og internkontroll, innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet.

Etaten inkluderer i tillegg til hovudtillitsvalde og hovudverneombod (2,8 årsverk fordelt på 5 tilsette).

Område	Årsverk	Tilsette
Sentraladministrasjonen	23	25
Hovudtillitsvalde	2,8	5
Folkevalde	1,2	3

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	3,73	4,30	12,06

Det er enkelte avdelingar som har hatt stort sjukefråvær. Dette er ikkje jobbrelatert og skuldast langtidsfråvær. Dette gir store utslag på små einingar. Det har vorte gjort tiltak som oppgåvedeling og tilsetting av vikarar for å sikre stabilitet og unngå fleire sjukmeldingar. Vi ser at tiltaka har fungert.

Overordna mål

Mål

- utvikle ein berekraftig kommune
- vere opne
- aktivt bruke teknologi og nye arbeidsmåtar for å betre og utvikle tenestene våre

- gi innbyggerane gode møte med kommunen
- vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- involvere og engasjere folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggerar

Måloppnåing

- **Berekraftig kommune:** Vi har gjennom hausten 2023 jobba med å lage vårt første klimabudsjett for 2024.
- **Openheit:** Vi vart kåra som Noregs femte mest opne kommune i Åpenhetsbarometeret.
- **Teknologi og nye arbeidsmåtar:** Vi har tatt i bruk ny teknologi innan politisk møtegjennomføring, kvalitetskontroll, digital budsjett- og økonomiplan. Vi har også jobba med å utvikle dei eksisterande løysingane våre.
- **Innbyggarmøte:** Kommunen stenger aldri. Vi jobbar kontinuerleg for å gjere informasjon tilgjengeleg for innbyggerane våre der dei treng det. På slutten av året gjennomførte vi også ei innbyggjarundersøking som vi vil bruke inn i 2024.
- **Attraktiv arbeidsgivar:** Dette er eit kontinuerleg arbeid. Vi jobbar framleis med heiltidskultur og leiarutvikling.
- **Engasjere:** Vi har gjennomført fleire folkemøte for å engasjere heile kommunen.

Oppsummering av året

Normalen i Ulstein kommune er eit høgt aktivitetsnivå. 2023 var ikkje noko unntak.

Tenesteutvikling og digitalisering

Alle snakkar om den digitale transformasjonen kommunane må gjennom. Det gjeld også oss i Ulstein kommune. I 2023 har vi fått på plass ein eigen fagansvarleg på digitalisering. Vi har også tilsett ein teneste- og kvalitetsutviklar og fagansvarleg kvalitet og beredskap. Desse skal saman med resten av organisasjonen jobbe meir målretta med tenesteutvikling.

Saman med dei andre kommunane i sjustjerna har vi gjennomført ein analyse av korleis drive tenesteutvikling og digitalisering. Dette området vil krevje mykje innsats og endringsvilje i tida framover, både i eigen kommune og i samarbeidet.

Ei ny rolle som leveranseansvarleg kom på plass for å skape betre og tettare relasjon mellom kommunane og Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) i sjustjerna. Eit tett og godt samarbeid innan IKT er heilt vesentleg i tida framover.

Eit område vi har prioritert er å få enno betre verksemdstyring. Vi ønsker å synleggjere samanhengen mellom mål, økonomi og rapportering. Ved hjelp av verktøyet Framsikt, trur vi at det er mogleg. Første fase var å lage ny budsjett- og økonomiplan i verktøyet. Dette fekk vi til i 2023.

Attraktiv arbeidsplass – arbeidsplasskonsept og lokale

Å vere ein attraktiv arbeidsplass både for å tiltrekke seg og halde på kompetanse, er vesentleg framover. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

Eit av prosjekta er å konkretisere krava for nye administrasjonslokale. I 2023 har den tverrfaglege prosjektgruppa jobba med å avdekke behov og moglegheiter. Prosjektet er krevjande og vil halde fram i 2024.

Openheit – tillit – internkontroll

Målet for 2023 var å systematisere internkontrollarbeidet vårt. Kommunestyret vedtok å sette inn ekstra årsverk for å løfte dette arbeidet. Vi har fått på plass ein fagansvarleg kvalitet og ein kvalitets- og tenesteutviklar.

Også i 2023 gjorde vi det bra i Åpenhetsbarometeret med ein femteplass nasjonalt.

Arbeidet med personvern og systemoversikt har hatt store framsteg. Dette har klar samanheng med tilført kompetanse og at vi har fått på plass gode støtteverktøy. Saman med dei interkommunale faggruppene innan sikkerheit, kommunikasjon og arkiv har vi jobba med fellesprosjekt for å løfte arbeidet innan desse fagområda.

Valår – involvere og engasjere

Annakvart år er det valår. Vår etat er ansvarleg for gjennomføring av valet. Valet krev ekstrainsats for både planlegging og gjennomføring. Kommunen er også ansvarleg for bemanning av førehandsvalet. Dei siste to vala har vi godt samarbeid med bibliotekvennane for å løyse dette.

Partnarskap og samarbeid

Partnarskap er viktig for å løyse samfunnsoppdraget vårt. Vi har jobba tett med UNF og Skaparhuset. Vi har testa moglegheita for å få til ein felles co-work med finansieringsstøtte frå fylket.

Medarbeidarane våre

Vår viktigaste ressurs er våre tilsette. Gjennom året har vi jobba aktivt med leiarutvikling, tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod for å rekruttere og halde på dyktige medarbeidarar. Konkurransen er hard og vi har ambisjon om å vere ein attraktiv arbeidsgivar. Lønn og kompetanseutvikling er viktig, men vi har også tru på at satsing på godt arbeidsmiljø, kompetente kollegaer og støttande og dyktige leiarar er like viktig for å sikre kontinuitet og kvalitet.

Utvikling og utfordringar

Sjå punkta under oppsummering av året.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
100-Folkevalde	3 413	4 791	4 010	-780	-19,5 %
110-Kommunedirektør	21 131	24 429	25 359	930	3,7 %
111-Økonomiavdeling	-17 857	-43 876	-42 937	938	2,2 %
112-Løn-og personalavdeling	8 242	10 563	10 075	-487	-4,8 %
113-Arkiv og dokumentsenter	4 427	4 092	4 409	317	7,2 %
119-Overføring til andre	6 630	7 308	7 545	237	3,1 %
Sum	25 985	7 307	8 462	1 155	13,6 %

Kommentar til status økonomi

Politisk og administrasjon har eit netto mindreforbruk på 1,2 millionar kroner.

Det er knytt til både meirforbruk og mindreforbruk på dei ulike einingane.

Meirforbruk på 100 folkevalde skuldast i hovudsak val og møtegodtgjersle.

Mindreforbruk på dei ulike ansvara skuldast mellom anna

- mindre overføring til Søre Sunnmøre IKT på område 100 kommunedirektør
- vakanse og sjukefråvær gjennom året på område 113 arkiv og dokumentsenter

Folkevalde

Om oss

Leiar: Ordførar Stian Skorgen Scheide

Årsverk

Årsverk	Tilsette
1,2	3

Sjukefråvær

Oppsummering av året

2023 var eit kommunevalår.

Sjølve valet vert gjennomført av administrasjonen. Resultatet av valet var skifte av ordførar frå FrP sin Knut Erik Engh til Høgre sin Stian Skorgen Scheide.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	3 413	4 791	4 010	-780	-19,5 %

Kommentar til status økonomi

Meirforbruket under folkevalde er i hovudsak knytt til følgande:

- **Val**
 - Utsending av stemmesetlar til alle husstandar i Ulstein
 - Innkjøp av skanningsteneste for teljing av stemmesetlar
 - Innkjøp av val-PC-ar

Dette er tenester og utstyr som har spesielle krav frå Valdirektoratet.

- **Kommunestyre og formannskap**
 - Etterløn til avgått ordførar
 - Møtegodtgjersle (50 prosent høgare kostnad enn budsjettert, utgjer ~300 000 kroner)
 - Gjennomføring av folkevaldopplæring
 - Deltaking på Ulstein bustadmesse
 - Gjennomføring av politiske møte utanfor rådhuset

Oppsummering tiltak

For å unngå meirforbruk må vi få tydelegare fram økonomiske konsekvensar av vedtak gjort gjennom året. Der vi ser det er meirforbruk kvart år, må vi melde inn tiltak til økonomiplanen.

Kommunedirektør

Om oss

Avdelinga kommunedirektør inkluderer kommunedirektøren og staben i organisasjon og utvikling.

Her er kommunedirektør, kommunalsjef organisasjon og utvikling, jurist, kommunikasjonsrådgivar, fagansvarleg digitalisering og personvern, fagansvarleg kvalitet og beredskap og kvalitet- og tenesteutviklar.

I tillegg ligg også budsjettet til vår SLT-koordinator* her.

SLT står for Samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
7,5	8

Sjukefråvær

Kommunedirektøren sin stab har få tilsette og vert difor rapportert samla i sentraladministrasjonen og tenestoområde politisk og administrasjon. Sjukefråværet er lågt og krev ikkje ekstra tiltak.

Oppsummering av året

Organisasjon og utvikling som høyrer til her, har hatt store endringar siste halvåret av 2023 med opprettinga av tre nye stillingar, to knytt til internkontroll og kvalitetsutvikling og ein knytt til digitalisering.

Større oppgåver og prosjekt som vi har vore involvert i:

- Ny struktur av internkontrollarbeidet i Ulstein kommune
- Innføring av nytt kvalitetssystem
- Konseptfase for nye administrasjonslokale for Ulstein kommune
- Forprosjekt for å etablere cowork i Ulstein kommune i lag med Skaparhuset og Ulstein næringsforum
- Digitalisering på Søre Sunnmøre- korleis skal vi drive IT-drift og -tenesteutvikling saman med dei andre kommunane på Søre
- Felles IKT-sikkerheitshandbok og instruks for kommunane på Søre
- Vidare arbeid med informasjonssikkerheit som mellom anna, systemkartlegging og personvernrutinar
- Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval 2023
- Innkjøp og innføring av digital politisk møtehandtering, Kaukus
- Digital produksjon av budsjett- og økonomiplan i Framsikt

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	21 131	24 429	25 359	930	3,7 %

Kommentar til status økonomi

Mindreforbruket på 1101 Felleskostnadar skuldast mindre overføring til IT-driftsselskapet vårt Søre Sunnmøre IKT (SSIKT).

Økonomiavdeling

Om oss

Leiar: Steinar Nummedal

Økonomiavdelinga er ei stabs- og støtteining som har fagansvar for rekneskap og økonomistyring for i alt 4 rekneskap. I tillegg til kommunen sin rekneskap kjem rekneskapen til Ulstein Eigedomsselskap, SSIKT og Ulstein sokn. Avdelinga har og ansvar for utarbeiding av budsjett og økonomiplan, finansforvaltning og fakturering og innkrevjing av kommunale krav.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
6	6

Sjukefråvær

Økonomiavdelinga har få tilsette og vert difor rapportert samla i sentraladministrasjonen.

Oppsummering av året

Økonomiavdelinga har i 2023 hatt fokus på å hente ut gevinstar av nye system gjennom mellom anna:

- Dagleg bankavstemming (automatisk innhenting av kontoutskrift frå bank dagleg til avstemming)
- Effektivisere føring av bilag ved bruk av malar
- Effektivisere fakturamottak gjennom bruk av førehandskontering/profilar
- Gradvis innføring av Framsikt i UEKF (rapportering og økonomiplan) og i kommunen (10-årig investeringsplan og økonomiplan)
- Effektivisering av innfordringsarbeidet ved å ta i bruk KK2

Det er ei klar målsetting for 2024 å frigjere tid til leiarstøtte og dialog med leiarane gjennom effektivisering. I tillegg vil innføring av Framsikt i full skala ha fokus, med sikte på forbetring av økonomistyringa i heile organisasjonen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-17 857	-43 876	-42 937	938	2,2 %

Kommentar til status økonomi

Det positive avviket kjem av stram økonomistyring på ansvaret for økonomiavdelinga (114 000), i tillegg til at lønnsoppgjeret ikkje vart fullt så kostbart som rekna med på ansvaret for pensjon og lønnsoppgjer (824 000).

Løn-og personalavdeling

Om oss

Leiar: Kari Riise

Lønn og personalavdelinga er ei stabs- og støtteining som har ansvaret for lønnsarbeid og HR-funksjonar i Ulstein kommune i tillegg til lønn og personalarbeid i UEKF, SSIKT og Ulstein sokn. Eininga har 5 årsverk og 2,82 % årsverk frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombod. Lønn og personalavdelinga har følgjande hovudfunksjonar:

- Arbeidsgivarpolitikk og leiarstøtte
- Organisasjons- og kompetanseutvikling
- Partssamarbeid og forhandlingar
- HMS og sjukefråværsarbeid
- Lønnsarbeid, refusjonar, pensjon, forsikring rapportering
- Rekruttering og tilsetjing
- Ressursstyring, lærlingar

Årsverk

Årsverk	Tilsette
5	5

Sjukefråvær

Personalavdelinga har få tilsette og vert difor rapportert samla i sentraladministrasjonen. Sjukefråværet i personalavdelinga er lågt og krev ikkje ekstra tiltak.

Oppsummering av året

Ved personalavdelinga merkar vi godt at organisasjonen har vore i vekst, endring og utvikling dette året. Rekruttering av nye leiarar og relativt stor auke i talet på tilsettingar har auka arbeidsmengda for avdelinga vår. Sjølv om innføring og implementering av Visma HRM framleis er i arbeid, ser vi også nytte av systemet når det gjeld arbeidsflyt, leiarstøtte og sporbar informasjon.

I løpet av 2023 har vi brukt tid og ressursar på å innføre og implementere Visma Tid som system for tidsregistrering i alle aktuelle delar av organisasjonen. Gevinsten ved å ta i bruk dette, er integrasjon

mot lønssystemet slik at det vert mindre manuell punching og mindre risiko for feilføring. Tidlegare system; Tempus – er avslutta. Historiske data er tilgjengeleg enno nokre år.

Personalavdelinga har delteke i fleire prosjekt og utgreiingar i løpet av 2023;

- Vurdering av felles økonomi- og lønningskontor i sjustjerna: Dette vart avslutta etter vedtak i kommunestyret.
- Vurdere nye administrasjonslokale: Dette prosjektet held fram i 2024.
- Innføring og implementering av nytt kvalitet-/internkontrollsystem; Samsvar.
- Anbudsprosess – tenestepensjon og start implementering av ny pensjonsleverandør.

Årets lønnsforhandlingar vart gjennomført utan brot. Vi leverte tilbod på administrative tenester (lønn, pensjon, forsikring og HR-tenester) til SSIKT. Dette tilbodet vart godteke på tampen av året. Vi skal dermed halde fram med å levere tenester til i alt fire selskap.

Personalavdelinga har arrangert

- samlingar for leiarane med vekt på arbeidsmiljø, rekruttering og internkontroll
- den årlege personalfesten for alle tilsette

Samhandling med tillitsvalde, verneombod og bedriftshelsetenesta har vore både naudsynt og nyttig i fleire krevjande personalsaker gjennom året.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	8 242	10 563	10 075	-487	-4,8 %

Kommentar til status økonomi

Negativt avvik skuldast auka lønnsutgifter til frikjøpte hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Frikjøpsprosent er i hovudsak regulert etter tariffavtale og medlemstal for hovudtillitsvalde. Auka medlemstal og høgare lønn til dei frikjøpte hovudtillitsvalde i tillegg til auka frikjøp, frå 20 til 40 prosent for hovudverneombodet, er årsaka til det negative avviket for 2023. Utdanningsforbundet refunderer 45 prosent frikjøp til sin hovudtillitsvalde. Elles er rekneskap i samsvar med budsjett.

Arkiv og dokumentsenter

Om oss

Leiar: Asle Gjermundrød

Årsverk

Årsverk	Tilsette
4,5	6

Sjukefråvær

Vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

Oppsummering av året

Avdelinga har hatt fleire utskiftingar i løpet av året. Ny leiar var på plass i slutten av andre kvartal og to vikarar vart også henta inn. Ein viktig del av dei interne endringane har vore å bygge kompetanse og fordele oppgåver og ansvar for å unngå sårbarheit, og auke variasjonen i utføring av oppgåver. Vi har også hatt ein dialog med andre avdelingar for å forbetre måten vi handterer og løyser dei ulike aktivitetane som krev intern samhandling.

Avdelinga er involvert i systemutvikling og endringar der digitalisering spelar ei viktig rolle. Vi har forbetra nokre funksjonar i Acos WebSak og utvikla og endra ein del digitale skjema som er tilgjengelege frå heimesida. Ny versjon vart testa i april og implementert i mai. Arkivsystemet er integrert mot ulike fagsystem og på slutten av året vart det oppretta ein egen integrasjon mot Visma HRM som automatiserer oppretting av til dømes nye personalmapper i Acos.

For å heve kompetansen til nye og eksisterande brukarar i sak/arkiv, har vi gjennomført ulike opplæringstiltak. Vi har saman med dei andre kommunane i sjustjerna halde fire digitale grunnkurs og 16 ulike temakurs. Vi har også hatt fysiske kurs for nye sakshandsamarar.

Ein del av ansvaret vårt er å følge opp restansar og vedtak oppretta i Acos. Etter oppfølginga i haust kan vi notere oss ein reduksjon i talet på restansar på omtrent 57 prosent, og ein god jobb med å oppdatere og fullføre vedtaka som vart politisk handsama gjennom året.

Kommunevalet var ein viktig del av arbeidsområdet vårt. Her hadde vi fleire som deltok i planlegging, gjennomføring og etterarbeidet knytt til endringar og oppdateringar i tilhøyrande system. Vi var også sekretariat for TV-aksjonen, der vi kan seie oss godt nøgd med resultatet samanlikna med andre kommunar på Nordvestlandet.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	4 427	4 092	4 409	317	7,2 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen er omtrent i balanse med eit mindre underforbruk. Det kan forklarast med endringar i mellombelse og faste tilsette.

Overføring til andre

Om oss

I avdelinga ligg budsjettet til kommunerevisjonen, kontrollutvalet, landbrukskontoret og Ulstein sokn. Det er ikkje tilsette i avdelinga.

Oppsummering av året

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	6 630	7 308	7 545	237	3,1 %

Kommentar til status økonomi

Det positive avviket kjem av mindre utgifter til landbrukskontoret og kommunerevisjonen enn budsjettet.

Oppvekst og kultur

Om oss

Kommunalsjef Karen Strand

Oppvekst og kultur arbeider for at

- barn og unge i Ulstein kommune skal vekse opp i eit miljø som fremmar identitet, læring og livsmeistring gjennom deltaking og inkludering i fellesskapet.
- barn og unge skal oppleve trygge og gode barnehagar, skular og nærmiljø. Vi skal legge til rette for at alle kan delta i organiserte og uorganiserte kultur-, fritids- og idrettsaktivitetar.
- Vi legg vekt på tidleg innsats, eit heilskapleg og samanhengande tenestetilbod.
- I Ulsteinsamfunnet samarbeider vi internt og eksternt for å skape gode liv og like moglegheiter.
- Berekraft, folkehelse, innovasjon, nytenking og utvikling i kombinasjon med effektivisering og god ressursstyring for å oppnå god tenestekvalitet vil vere overordna målsetting for oppvekst- og kulturetaten i perioden.

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	8,09	9,77	8,20

Sjukefråværet har gått noko ned, men vi vil fortsatt ha fokus på nærvær på jobb framover.

Overordna mål

Mål

- eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- god samhandling og interaksjon internt og eksternt
- eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkludert
- god brukarmedverknad i tenestene
- rom for alle
- eit samfunn der det er lov å gjere feil – og vi lærer av dei
- open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear og nye utfordrande planar/tankar

Oppvekst- og kulturetaten sine mål skal vere sentrale i møtet med innbyggjarane i Ulstein kommune og i arbeidet med tenesteutvikling. I framtida ser vi at det er viktig at vi har meir målbare målsettingar, i tillegg til dei viktige meir generelle målsettingane.

Vi har gjennom godt samarbeid på tvers av einingar i kommunen hatt fokus på korleis vi saman kan arbeide for inkludering av barn og unge i kommunen. Eit godt døme på dette er BTI- satsinga* der ein har arbeidd med kompetanseheving for tilsette og utarbeidd ei nettside som både føresette, barn og tilsette kan nytte seg av.

Organisasjonen er og må vere i stadig utvikling i takt med samfunnet generelt og lokalsamfunnet vårt. Vi ser at det er krevjande å drive utvikling, samstundes som vi sikrar god drift. Utviklingsarbeidet må dokumenterast og implementerast i den daglege drifta. Eit aktiv bruk av avvik og evaluering vert viktig for å sikre god kvalitativ tenesteutvikling.

* BTI=betre tverrfagleg innsats

Oppsummering av året

Aktivitet i 2023

Barnehage:

I 2023 fekk alle barn med rett til barnehageplass oppfylt denne retten ved hovudopptak. Ved årsslutt var det ingen ledige barnehageplassar i kommunen.

Kompetanseutvikling for barnehagesektoren – *Rekomp og KOSIP*, er i full gang. Satsinga har som mål å styrke barnehagane sin pedagogiske praksis. I tett samarbeid med Høgskulen i Volda, Statped og PPT, arbeider Ulsteinbarnehagane samla med å utvikle ein inkluderande praksis og fremme mangfald,

mellom anna ved bruk av ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon). Vidare har styrarane og leiarlaget i barnehagane gjennomført leiarutvikling. Dette er eit viktig steg for å sikre at alle barn vert sett, høyrte og møtt, at barna får ein god start i barnehagen, og eit barnehagetilbod av høg kvalitet.

Skule:

Arbeidet med å skape trygge og gode læringsmiljø vert prioritert. Resultat frå elevundersøkinga viser at elevane trivst på skulen og at dei får støtte frå lærarane. Vi ser at elevane melder frå om ein svak nedgang i elevdemokrati og elevmedverknad og det vert naturleg å ta tak i dette framover.

8,7 prosent av elevane seier dei opplever å verte mobba. Dette er ikkje eit høgt tal om vi samanliknar med nabokommunar eller landssnittet. Likevel ser vi at vi i samarbeid med elevar og heimar framleis må arbeide for at ingen skal oppleve mobbing.

Skulane er inne i siste året av det interkommunale arbeidet med lesing. Det er i arbeidet utarbeidd ein felles plan for ei systematisk og god leseopplæring gjennom heile grunnskulen.

Inkludering og mangfald - IMU:

Avdelinga har høg aktivitet, mest grunna talet på busette flyktningar. Både flyktningavdelinga og kompetansesenteret har hatt krevjande år der dei leverer tenester på ein svært god måte.

Vi ser ein auke av behov for tenester knytt til førskuleteamet.

Kulturområdet:

Kulturskulen opplever stor pågang og har arbeidd godt med tenesteutvikling. Aktiviteten på kulturområdet er god og vi ser at ungdomsarbeidet har særleg stort fokus. Ulstein bibliotek har eit høgt tal besøkande og er etter intensjonen ein samlingsplass for ulike møte og arrangement.

PPT:

Statistikken viser at det er ein sterk auke i søknad om bistand på personsaker/ sakkunnig vurdering til PPT. Når det gjeld saker som omhandlar kompetanseheving og organisasjonsutvikling syner statistikken ein nedgang frå 2022, med 394 saker til 295 saker i 2023. Når det gjeld talet på saker som står på vent/ saker utan sakshandsamar var talet 17 saker i 2022, medan det i 2023 var på 169 saker. Det vert viktig å analysere årsakene til denne kraftige auken i saksarbeid for PPT. Ein må sjå på samanfallande faktorar, sette inn naudsynte og kvalitative tiltak på alle nivå.

Utvikling og utfordringar

Innbyggjarane i Ulstein kommune kjem generelt med gode tilbakemeldingar på tenestene som vert levert og vi har gode føresetnadar for å skape ein likeverdig oppvekst, god læring og gode tilbod for alle. Likevel er det nokon som ikkje finn sin plass og kjenner på ulike former for utanforskap.

Barnehagane og skulane i Ulstein skal til på eit utviklingsarbeid "inkluderande praksis". I arbeidet vil målet vere å auke kjennskap og kompetanse rundt ulike perspektiv på kva eit inkluderande fellesskap er og korleis vi kan styrke det som eit grunnprinsipp i organisasjonen vår.

Statistikken viser at det er ein sterk auke i søknad om bistand på personsaker/ sakkunnig vurdering til PPT. Når det gjeld saker som omhandlar kompetanseheving og organisasjonsutvikling syner statistikken ein nedgang frå 2022, med 394 saker til 295 saker i 2023. Når det gjeld talet på saker som står på vent/ saker utan sakshandsamar var talet 17 saker i 2022, medan det i 2023 var på 169 saker. Det vert viktig å analysere årsakene til denne kraftige auken i saksarbeid for PPT. Ein må sjå på samanfallande faktorar, sette inn naudsynte og kvalitative tiltak på alle nivå.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
200-Oppvekst fellestenester	6 622	6 099	6 334	235	3,7 %
210-Barnehage fellestenester	66 312	75 881	72 889	-2 993	-4,1 %
211-Sundgotmarka barnehage	8 677	10 361	10 219	-142	-1,4 %
212-Almejordet barnehage	8 829	10 727	9 793	-934	-9,5 %
220-Haddal skule	11 015	12 617	12 355	-262	-2,1 %
221-Hasund skule	22 030	25 780	24 154	-1 625	-6,7 %
222-Ulstein skule	11 638	11 905	11 934	29	0,2 %
223-Ulsteinvik barneskule	47 502	57 282	54 606	-2 676	-4,9 %
224-Ulstein ungdomsskule	44 425	51 868	51 291	-577	-1,1 %
228-Grunnskule	6 724	6 701	6 379	-322	-5,0 %
229-Kulturskule	7 341	8 895	8 596	-299	-3,5 %
240-PPT	3 462	4 195	5 659	1 464	25,9 %
250-Kultur	5 127	5 766	5 522	-244	-4,4 %
252-Idrett	21 387	22 445	21 975	-470	-2,1 %
253-Sjøborg Kulturhus	251	866	475	-391	-82,4 %
254-Biblioteket	1 841	2 231	1 876	-355	-18,9 %
290-IMU	18 652	32 251	37 089	4 838	13,0 %
Sum	291 836	345 869	341 145	-4 725	-1,4 %

Kommentar til status økonomi

Oppvekst og kultur har eit netto meirforbruk på 4,7 millionar kroner som utgjer 1,4 prosent av netto budsjetttramme.

Vedtak om eit høgt tal for busetting av flyktningar og tilskot til dette gjer at avdelinga for inkludering og mangfald kjem ut med eit positivt mindreforbruk på 4,8 millionar kroner.

Det er meirforbruk på barnehage og skule, hovudsakleg knytt til utgifter til vikarar som følge av høgt sjukefråvær. Det er også meirforbruk knytt til barn og elevar med store tilretteleggingsbehov.

Oppvekst fellestenester

Om oss

Administrasjon oppvekst

Administrasjon oppvekst består av kommunalsjef for oppvekst og kultur, skulefagleg rådgjevar, barnehagefagleg rådgjevar og konsulent for oppvekst.

Stortinget har gitt kommunane og fylkeskommunane ansvar for den lokale organiseringa og gjennomføringa av opplæringa i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. Ansvar til barnehage og skuleeigar er knytt til lov, forskrift og andre statlege styringsdokument, og dels lokale føringar og mål.

Administrasjonen arbeider for støtte einingane som høyrer til under oppvekst og kultur i arbeidet dei gjer.

Årsverk

Administrasjon oppvekst og kultur har fire årsverk.

Sjukefråvær

Sjukefråværet er lågt.

Oppsummering av året

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	6 622	6 099	6 334	235	3,7 %

Kommentar til status økonomi

God balanse mellom budsjett og rekneskap.

Barnehage fellestenester

Om oss

Barnehage fellestenester omhandlar tilskot til private barnehagar og spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn i førskulealder.

Årsverk

Årsverk knytt til barnehage fellestenester er inkludert i rapporten til Inkludering og mangfald.

Sjukefråvær

Sjukefråvær for tilsette knytt til barnehage fellestenester er inkludert i rapporten frå Inkludering og mangfald.

Oppsummering av året

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	66 312	75 881	72 889	-2 993	-4,1 %

Kommentar til status økonomi

I løpet av 2023 har det vore meirutgifter knytt til spesialpedagogisk hjelp i kommunale og private barnehagar. Det har vore stor auke i vedtakstimar knytt til tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i både kommunale og private barnehagar.

Sundgotmarka barnehage

Om oss

Leiar: Nora Wingsternes

Sundgotmarka barnehage har i 2023 hatt følgjande barnetal:

61 barn viner /vår 2023

58 barn haust/ vinter 2023

Visjonen til barnehagen er: Vi gir alle barn ein meningsfull og inkluderande kvardag.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
16,22	18

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	15,05	16,36	10,18

Sjukefråværet er litt lågare enn i fjor. Ein del langtidsfråvær i tillegg til kortidsfråværet, gjer at talet framleis er noko høgt. Vi arbeider med nærvær på jobb og arbeidsmiljø vidare i 2024.

Oppsummering av året

Både store og små skal trivst saman i eit godt psykososialt miljø som førebygger mobbing og krenkingar. Trivselen til barna er alltid den vaksne sitt ansvar, og satsingsområdet det autoritative perspektiv, er utleia av dette. Gjennom auka fokus på leik, skal alle barn vere inkludert i fellesskapet.

Nesten alle barn går i barnehage og oppheld seg store delar av dagen der. Barnehagen vil derfor vere svært viktig med tanke på tidleg innsats i eit livslangt læringsperspektiv. Det stiller krav til kompetanse hos dei tilsette om å fornye innhald og arbeidsmåtar i samsvar med forskingsbasert kunnskap. Dette arbeider vi systematisk med gjennom lærande nettverk i Rekomp* og internt i barnehagen. Vi har starta opp med eigne fagsamlingar for personalet kvar veke, og har jobba med to kompetansepakkar frå Utdanningsdirektoratet, og e-læring for ufaglærte

Alternativ supplerande kommunikasjon og inkluderande barnehage miljø er satsingsområda frå 2023. Vi har gjennomført fagdagar, leiarmøte og personalmøte om tematikken.

Det pedagogiske synet til barnehagen er inspirert av Reggio Emilia-tenkinga, og tek utgangspunkt i følgande viktige tema: syn på barn, dialog, vaksenrolla, læringsmiljøet, tidsperspektivet, pedagogisk planlegging og dokumentasjon. Vi gjennomførte Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking for barnehagar. Resultatet viser god skår på relasjonar og trivsel. Ute- og inneareal og informasjon er punkt vi kan utvikle oss på.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	8 677	10 361	10 219	-142	-1,4 %

Kommentar til status økonomi

Årsak til meirforbruk skuldast auka husleige frå Hasundgot Idrettslag, og etterbetaling for auke for fleire år. Denne auken vart forhandla fram seint på året. Og såleis vanskeleg å føresjå.

Almejordet barnehage

Om oss

Leiar: Linda Christin Arneberg

Almejordet barnehage har tre avdelingar. I 2023 har barnehagen hatt 66 barn fordelt på 27 barn under 3 år og 37 barn over 3 år vår, og 61 barn fordelt på 31 barn under 3 år og 30 barn over 3 år haust.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
16,4	20

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	10,85	9,18	8,80

Sjukefråværet er litt lågare enn i fjor. Ein del langtidsfråvær, i tillegg til kortidsfråværet, gjer at talet framleis er noko høgt. Vi arbeider med nærvær på jobb og arbeidsmiljø vidare i 2024 for å redusere sjukefråværet.

Oppsummering av året

Målsettinga til barnehagen er: Trivsel for store og små. Både store og små skal trivst saman i eit godt psykososialt miljø som førebygger mobbing og krenking. Trivselen til barna er alltid den vaksne sitt ansvar, og satsingsområdet det autoritative perspektiv, er utleia av dette.

Nesten alle barn går i barnehage og oppheld seg store delar av dagen der. Barnehagen vil difor vere særdeles viktig med tanke på tidleg innsats i eit livslangt læringsperspektiv. Det stiller krav til kompetanse hos dei tilsette om å fornye innhald og arbeidsmåtar i samsvar med forskingsbasert kunnskap. Dette arbeider vi systematisk med gjennom lærande nettverk i rekomp (regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen) og internt i barnehagen.

Alternativ supplerande kommunikasjon og inkluderande barnehagemiljø var satsingsområda frå 2023. Vi har gjennomført fagdagar, leiarmøte og personalmøte om tematikken.

Det pedagogiske synet til barnehagen er inspirert av Reggio Emilia-tenkinga, og tek utgangspunkt i følgjande tema: syn på barn, dialog, vaksenrolla, læringsmiljøet, tidsperspektivet, pedagogisk planlegging og dokumentasjon. Vi gjennomførte Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking for barnehage. Resultatet viser god skår på relasjonar og trivsel. Ute- og inneareal og informasjon er punkt vi kan utvikle oss på.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	8 829	10 727	9 793	-934	-9,5 %

Kommentar til status økonomi

For 2023 er lønnskostnadene høgare enn budsjettet. Dette skuldast høgare barnetal under tre år og ein heilt full barnehage. For å følge pedagog og bemanningsnorm krevst det fleire tilsette, og då høgare lønnsutgifter.

Haddal skule

Om oss

Leiar: Vibeke Vigestad Berge

Haddal skule er nærskulen til elevar på 1.–7. trinn i skulekrinsane Haddal og Eiksund. Skulen har 58 elevar, der nær halvparten har rett på skuleskyss og ein tredjedel går på SFO.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
15,3	17

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	9,81	7,14	9,33

Haddal skule har jobba målretta med rolleavklaring og trivsel for å få ned sjukefråværet, men kronisk sjukdom gjer at vi framleis har høgt fråvær. Legemeldte langtidssjukemeldingar tel 6,9 prosent medan kortare fråvær enn 16 dagar tel 2,43 prosent.

Oppsummering av året

Skulen sin visjon ligg i botnen for alt vi gjer i skulen; læringsaktivitetar, utviklingsarbeid, heim-/skulesamarbeid, med meir.

«Haddal skule har trygge elevar som meistrar og lærer. Vi tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre».

Vi jobbar målretta og systematisk for å skape god trivsel for betre læring, og har miljøretteleiar som jobbar spesielt mot dette.

Resultata frå elevundersøkinga i 2023 viser at elevane generelt er godt nøgde, og spesielt i høve indikatorane støtte frå lærarar, fagleg utfordring, felles reglar og elevmedverknad. Vi har også overforventa gode resultat på dei nasjonale prøvene.

Fokuset vårt i 2023 har vore å få fleire motiverte elevar med stor læringsglede, og vi har definert tre saker som viktige i dette arbeidet:

- halde fram med forsøk med leksefri skule og bruke tid til utvikling av nye arbeidsformer og læringsaktivitetar saman med elevane
- jobbe vidare med utvikling av både form på- og bruk av skulebiblioteket
- drive systematisk forsøk med uteskule

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	11 015	12 617	12 355	-262	-2,1 %

Kommentar til status økonomi

Haddal skule har eit negativt resultat på økonomi som skuldast utgifter knytt til vikarbruk grunna sjukefråvær.

Hasund skule

Om oss

Leiar: Hedvig Haakonsholm

Hasund skule har 158 elevar fordelt på sju klassetrinn skuleåret 2023–2024. 42 elevar deltek på skulefritidsordninga (SFO). I 2023 oppretta vi tilbod om særskild norskopplæring (SNO) for flyktningar frå Ukraina. Ni av elevane våre deltek på SNO første del av dagen, før dei går til klassene sine resten av dagen.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
29,01	36

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	9,52	13,34	15,02

Vi har hatt ein auke i sjukefråværet i 2023, både i korttidsfråvær og langtidsfråvær. Det er krevjande og dyrt å finne kvalifiserte vikarar, noko som gjer at trykket for dei som er på jobb vert enno større. Vi jobbar systematisk med arbeidsmiljø og jobbnærvær, i HMS-gruppe, plangruppe og resten av personalgruppa.

Oppsummering av året

Elevundersøkinga viser at elevane har høg trivsel, god motivasjon for skulearbeidet og at det er lite mobbing på skulen. Elevane opplever at lærarane har tru på dei, og bryr seg. Skulen vil halde fram med å arbeide systematisk og målretta for at elevar skal ha eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø, som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova. Miljørettleiar og helsesjukepleiar er viktige brikker i dette arbeidet.

Hasund skule ønsker å vere ein skule i utvikling. I år har vi hatt fokus på kompetanseheving i profesjonsfellesskapet med merksemd på elevar som utfordrar. Vi har også dette året hatt lesing som satsingsområde saman med Høgskulen i Volda og dei andre skulane i kommunen. Skulen arbeider etter

prinsippa i *Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025*, utarbeidd av rektorane og oppvekstkontoret. Denne gir oss retning i arbeidet på skulen, sett i lys av gjeldande læreplanverk og lovverk.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	22 030	25 780	24 154	-1 625	-6,7 %

Kommentar til status økonomi

Hasund skule har eit negativt økonomisk resultat som i hovudsak skuldast høge utgifter knytt til vikarbruk.

Ulstein skule

Om oss

Leiar: Norunn Velsvik

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Fløy, i tillegg til Søre Sunnmøre mottak. Elevtalet ligg rundt 110-120. Det er 19 tilsette ved skulen.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
17,28	19

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	7,30	8,39	6,80

Ulstein skule arbeider for auka nærvær til jobb, og reduksjon av fråvær.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2023

- systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø
- arbeid med undervisningsmetodar knytt til det nye læreplanverket
- arbeid med lesing som grunnleggande ferdigheit
- intensiv opplæring for elevar på 1.–4. trinn for å sikre forventa progresjon for elevane i lesing, skriving og rekning
- leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette, og godt samarbeid med tillitsvald

Vi har arbeidd mot desse måla:

- trygt, godt og inkluderande skulemiljø for alle
- kompetanse i arbeidet med leseopplæringa
- kompetanse i arbeid med elevar som utfordrar
- utvikle gode årsplanar i fag som sikrar god tverrfagleg opplæring

Krigen i Europa held fram, og vi har hatt rundt 30 elevar i mottaksklassa heile året. Elevane får lære norsk og samfunnsfag i klassa, og dei deltek i praktisk-estetiske fag i ordinær klasse. Kvar tysdag har vi uteskule der elevane i 1–3. trinn og mottak er i lag.

Det er viktig å skape ein trygg og god kvardag for elevane. Vi ser utfordringar når ulike kulturar møtast, men legg vekt på å skape gode skuledagar for alle elevar og tilsette ved Ulstein skule.

Gjennom arbeid etter prinsippa i *Strategi for kvalitet- Ulsteinskulen mot 2025* skaper tilsette og elevar ein god arena for meistring gjennom fag. Dette arbeidet er med på å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	11 638	11 905	11 934	29	0,2 %

Kommentar til status økonomi

I balanse.

Ulsteinvik barneskule

Om oss

Leiar: Synnøve Haug

Ulsteinvik barneskule har skuleåret 2023– 2024 440 elevar fordelt på sju klassesteg, og 74 tilsette.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
72,99	79

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	6,71	7,80	5,92

Vi ser at sjukefråværet på det jamne i 2023 var lågare enn i 2022. Dette er positivt og gjer at skulen klarer å arbeide systematisk og godt med dei prosessane vi står i. På slutten av 2023 auka sjukefråværet i lag med resten av landet.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2023

Dette vil vi gjer for å nå måla:

- Systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og rask handtering av mobbesaker
- Ha merksemd på lesing som grunnleggande ferdigheit, og innføring av undervisningsmetodar knytt til ny læreplan
- Systematisk kartlegging av elevane si læring og oppfølging for elevar som har behov.
- Leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og godt samarbeid med tillitsvalde.

Vi arbeider for at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø og at alle skal få oppleve meistring og læring.

Situasjonen i Europa har resultert i at elevtalet på skulen har auka dette skuleåret. Vi har oppretta to klasser med særskilt norskopplæring der elevane er delar av dagen. Utanom timane elevane har fått til norskopplæring har vi arbeidd for å inkludere dei inn i klassene og skulemiljøet. Det har vore krevjande, men lærerikt og givande å ta i mot desse elevane. Både lærarar og elevar har gjort ein stor og god innsats i å inkludere flyktningane.

Skulen opplever jamne resultat i elevundersøkinga og nasjonale prøver. Elevane melder om at dei får god støtte frå lærarane og at det er ein god læringskultur ved skulen.

Skulefritidsordninga (SFO) er ein stor og viktig del av tilbodet til skulen. Dette skuleåret er det 164 barn som har nytta seg av tilbodet. Vi ønsker å prioritere leik, meistring og glede i SFO.

Vi har arbeidd med desse målsettingane dette skuleåret:

- eit trygt, god og inkluderande skulemiljø
- utvikle kompetansen i arbeidet med leseopplæringa
- utvikle gode årsplanar for fag som sikrar tverrfagleg undervisning og god samanheng mellom faga

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	47 502	57 282	54 606	-2 676	-4,9 %

Kommentar til status økonomi

Ulsteinvik barneskule har eit negativt resultat på økonomi. Avviket skuldast høge utgifter knytt til vikarbruk.

Ulstein ungdomsskule

Om oss

Leiar: Trond Berg

Ulstein ungdomsskule har 370 flotte ungdommar i alderen 13–16 år, fordelt på 15 klasser.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
52	64

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	5,37	10,02	8,92

Ulstein ungdomsskule har ein liten nedgang i sjukefråværet i 2023. Vi jobbar med prosjektet “Fokus på friskheit” noko vi forventar å sjå resultat av i 2024.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2023

Korleis Ulstein ungdomsskule har jobba for å nå måla:

- systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og rask handtering av mobbesaker
- systematisk kartlegging av elevane si læring og oppfølging for elevar som har behov
- leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og godt samarbeid med tillitsvalde
- utviklar tilbod om alternativ opplæringsarena
- satsing som lærarutdanningsskule og praksisskule
- ein skule med fokus på kvalitativ vurdering
- systematisk arbeid med MOT-programma
- vidareutvikle profesjonelle tilsette med godt elev- og menneskesyn

I 2023 oppretta vi eigen klasse med særskild norskopplæring for elevar som nyleg har kome til Noreg. Dette har gitt gode resultat og vi vil fortsette med ei eiga innføringsklasse også i 2024. Tilbodet dekkast gjennom tilskot frå staten for mottak av flyktningar.

Ungdomsskulen har også tydeleg profil med tanke på sosial læring/livsmeistring. Det vert gjort mykje godt arbeid gjennom at vi er MOT-skule som støttar det solide grunnarbeidet som vert lagt ned kvar dag av tilsette i møte med elevane – enkeltvis og i klassene.

Elevmiljøet er jamt over godt, men utfordrande på 8. trinn. Elevundersøkinga viser at dei fleste trivst, men undersøkinga viser at det er noko auke i mobbetal på 8. trinn. Det er fokus på å førebygge og følge opp når saker oppstår og vi jobbar tett saman med føresette. Skulen er heldig å ha elevane 5–6 timar per dag, men kan ikkje ta ansvar for elevane dei andre 18 timane i døgnet.

Trass utfordringar har vi hatt god tilgang til kvalifiserte vikarar.

Samarbeidet med Høgskulen i Volda tilfører mykje positivt gjennom at vi er lærarutdanningsskule og praksisskule. Gjennom samarbeidet får vi vere med å påverke retninga for framtidige lærarar. Samarbeidet er ein viktig rekrutteringsarena.

Vidareutdanning av lærarar har også dette året vore prioritert og gitt både nødvendig formell kompetanseheving i tråd med nye krav, og har tilført skulen og noverande elevar nyttig påfyll i læringssituasjonane.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	44 425	51 868	51 291	-577	-1,1 %

Kommentar til status økonomi

Skulen har noko avvik i budsjett. Dette heng i hovudsak saman med eigenkost ved sjukefråvær og innkjøp av bøker.

Oppsummering tiltak

Skulen jobbar målretta med å få ned korttids sjukefråvær

Grunnskule

Om oss

Avdelinga omfattar utgifter og inntekter til grunnskule som ikkje direkte gjeld den einskilde skule, mellom anna utgifter til skuleskyss og undervisning i privat skule. Det er ikkje tilsette i avdelinga.

Årsverk

Sjukefråvær

Oppsummering av året

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	6 724	6 701	6 379	-322	-5,0 %

Kommentar til status økonomi

Det negative avviket er knytt til større refusjonskostnader for spesialundervisning i privat skule enn budsjettet. Samtidig er det positive avvik knytt til skuleskyss og bruk av bundne driftsfond.

Kulturskule

Om oss

Leiar: Robert Løkketangen

I kulturskulen opplev elevane meistring i møte med røynde lærarar gjennom estetisk erfaring og tilpassa opplæring basert på eleven sitt ambisjonsnivå. Omlag kvart tredje born i kommunen går i kulturskulen.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
7,72	16

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	6,92	12,03	2,03

Fråværet er generelt lågt. Det vi har skuldast ikkje-arbeidsrelaterte faktorar. Fokus på trygt og godt arbeidsmiljø.

Oppsummering av året

Dette skuleåret har vi etablert nokre nye fagtilbod; drama, musikkproduksjon, fordjuping i visuell kunst (interkommunalt samarbeid), ungdomskor (tverretatleg prosjekt), improvisasjonskurs for ungdom (interkommunalt samarbeid), og fordjupingskurs i folkemusikk (interkommunalt samarbeid). Ein del av desse nye tilboda er samskapt i prosjektet kulturmosaikk som Ulstein kulturskule er ein del av. Dei samskapte tilboda har ikkje hatt økonomisk belastning for kulturskulen. Ved å arbeide med samskapingsprosessar med aktørar innan eigne fagområde, meiner vi at vi er godt budde på liknande arbeid med andre etatar i kommunen.

Metodisk held vi fram i kjend kulturskuleand med tilpassa opplæring og fokus på å bygge "self-efficacy" (meistringstru) hos elevane. Dei vert sett, meistrar, utøver, og skaper i lag med kvarandre og i møte med kunnige fagfolk. Det heile skjer gjennom estetiske erfaringar i tilpassa rammer der eleven er fagleg og sosial.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	7 341	8 895	8 596	-299	-3,5 %

Kommentar til status økonomi

Avvik i høve tildelt ramme skuldast i all hovudsak auka lønnsutgifter.

Oppsummering tiltak

1. Sette i gang fleir gruppetilbod for å auke inntening.

2. Rekrutere til drama for å fylle opp gruppene.

PPT

Om oss

Leiar: Ingrid Evebø Haug

Interkommunalt PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
18,55	22

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	5,00	10,30	15,38

PPT har hatt ein del langtidssjukmeldte, men mot slutten av året har dette endra seg til det betre.

Oppsummering av året

I interkommunalt PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta har vi arbeidd vidare med å effektivisere sakshandsaminga. Dette året vart tiltaksmøta avvikla mellom anna på grunn av stor auke i arbeidsmengd. Vi har fokus på å levere lovpålagde sakkunnige vurderingar, slik at vi kan ta unna dei lange ventelistene som har oppstått. PPT samarbeider på overordna nivå, slik at vi kan rigge tenesta til å arbeide meir i tråd med intensjonane i ny opplæringslov som trer i kraft frå 1. august 2024.

Mandatet til tenesta vert endra, slik at vi skal vere meir ute i einingane, samarbeide og støtte skule og barnehage i det førebyggjande arbeidet. Målet er å styrke det allmennpedagogiske tilbodet og slik bidra til meistring og læring i ein inkluderande skule og eit barnehagemiljø for alle. Målet er at PPT skal vere tettare på og hjelpe til med kompetanseheving og organisasjonsutvikling, slik at færre barn og elevar treng spesialpedagogiske tiltak. Det å snu fokus frå vanskar med individ over på kompetanseheving og organisasjonsutvikling vil ta tid. Skal vi nå mål må vi samarbeide på fleire nivå og arbeide langsiktig og strategisk. PPT skal også organisere tenesta slik at vi kan få betre kjennskap til kommunane og vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i barnehagar og skular.

For å nå måla for tenesta skal PPT arbeide i tråd med lovkrava og dei fire kvalitetskriteria, der vi skal bidra til tidleg innsats, førebygging, heilskap og samanheng, og at vi skal vere ei kompetent teneste. Vi skal arbeide både internt og saman med leiarnivået i alle dei fire kommunane. PPT er ei gjennomgåande teneste, noko som betyr at vi ser barn og elevar frå førskulealder til og med vidaregåande opplæring. PPT har lange ventelister og overskrid fristen for å levere sakkunnige vurderingar i løpet av 3 månadar. PPT er med i Betre tverrfagleg innsats (BTI) og tverrfagleg samhandling på ulike nivå i kommunane.

Interkommunalt PPT er saman med dei andre PPT-kontora på Søre Sunnmøre og Høgskulen i Volda, i ei satsing i regi av OsloMet. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, endring og organisasjonsutvikling i barnehage, skule og PPT. Dette er ei viktig intern kompetanseheving der vi styrkar kompetansen internt på området organisasjonsutvikling. PPT har arbeidd med intern

kompetanseheving på språk og alternativ supplerande kommunikasjon, og førebygging og handtering av høgt fråvær.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	3 462	4 195	5 659	1 464	25,9 %

Kommentar til status økonomi

PPT har eit positivt avvik på 1,4. Dette skuldast større forventa refusjonsinntekter enn budsjettert.

Kultur

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Fellestenester kultur, Frivilligsentralen, Bell Ungdomsklubb, Kulturarrangement, BUA, MOT, Kulturmidlar, Borgarøya, Ungdomsrådet, UKM og Frivilligsentral UNG.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
14,37	19

Årsverk er rapportert samla for avdeling Kultur, avdeling Idrett, avdeling Sjøborg Kulturhus og avdeling Biblioteket.

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	7,32	8,64	8,83

Sjukefråvær er rapportert samla for avdeling Kultur, avdeling Idrett, avdeling Sjøborg Kulturhus og avdeling Biblioteket.

Sjukefråværet i 2023 må seiast å vere relativt høgt. Ser vi på dei underliggande tala har Ulsteinbadet åleine 19,14 prosent fråvær, i all hovudsak langtidsfråvær på meir enn 16 dagar.

Utanom fråværet i Ulsteinbadet er sjukefråværet i kulturavdelinga på 2,57 prosent.

Oppsummering av året

Siste åra har arbeidet i kulturavdelinga fått eit endå tydelegare fokus, knytt til arbeidet med ungdom. Ungdomsmedverknad er viktig, noko som også pregar mykje av vår aktivitet. Medverknaden/samspelet

kjem særskilt fram i arbeidet med ungdomsrådet, Ulstein frivilligsentral UNG, UKM, MOT og ungdomsklubben Bell.

- Bell ungdomsklubb har ope i snitt to kveldar per veke i tillegg til ein ettermiddag i veka med middag-/leksetilbod. Vi har hatt klassefestar, ungdomsklubb/MOT-klubb og ulike arbeidsverkstader.
- Ung Arena har fleire faste tilbod for ulike aldersgrupper, som gaming og open hall. Under «paraplyen» Ung Arena finn vi også ferietilbod og jobbtillbod for ungdom, barnedisco med meir
- Nyoppretta Ulstein frivilligsentral UNG, for og med ungdom i 2023, med etablering av rådgivande organ og oppstart av arbeidet på hausten.
- SLT-arbeidet fungerer godt. Arbeidet er viktig med tanke på førebygging av kriminalitet, samarbeid mellom kommunane og politiet, og initiere samarbeid når det gjeld arrangement med til dømes russen.
- Kulturavdelinga har også delansvar for folkehelsearbeidet, mellom anna søknadsarbeid, UngData og Stikk-UT!

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	5 127	5 766	5 522	-244	-4,4 %

Kommentar til status økonomi

Avviket skuldast i hovudsak noko høge forventa inntekter og manglande lønnsmidlar på enkelte av einingane. Døme på dette er stillinga til «Alle med»-koordinator, der budsjettet ligg på kommunedirektøren sitt ansvarsområde, medan utgiftene er ført på kulturavdelinga (om lag 400 000 kroner). Dette gjeld også for ansvarsområdet MOT som har eit avvik på om lag 210 000 kroner, der lønn til lærarar ved Ulstein ungdomsskule er ført på kulturavdelinga.

Elles er det noko meirforbruk knytt til lisensar og avgifter som har hatt ein kostnadsauke siste åra.

Idrett

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Idrettsanlegg, Ulsteinhallen og Ulstein Arena.

Årsverk

Årsverk er rapportert samla under avdeling Kultur

Sjukefråvær

Sjukefråvær er rapportert samla under avdeling Kultur.

Oppsummering av året

Ulstein Arena har også i 2023 vore eit viktig tilbod for både innbyggjarar og besøkande i Ulstein, med Ulsteinbadet som hovudtrekkplaster. Ulsteinbadet er godt besøkt gjennom heile året med eit samla besøk på om lag 81 000 besøkande. Dette fordelar seg med 56 000 besøkande på fritidsbading, i tillegg til rundt 25 000 skuleelevar.

Klivrehallen har om lag 100 faste betalande med årskort, i tillegg til rundt 1 000 besøkande på drop-in.

Idrettshallen i Ulstein Arena og Ulsteinhallen er i bruk heile skuleåret, både til trening, kampar og stemner. All treningstid måndag til fredag er fordelt til idrettssaga.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	21 387	22 445	21 975	-470	-2,1 %

Kommentar til status økonomi

Det negative avviket for dette området skuldast i all hovudsak mindre inntekter enn budsjettet.

- Leigeinntektene for Ulsteinhallen har dei siste åra vorte redusert då dei fleste helgearrangementa er flytta til Ulstein Arena. Avviket for Ulsteinhallen er på vel 100 000 kroner.
- For Ulstein Arena/ Ulsteinbadet er avviket på nær 400 000 kroner. Dette skuldast noko redusert besøk, medan 200 000 kroner av avviket skuldast ei ikkje-reell inntekt knytt til all-idrett. Ein reduksjon i forventa inntekt på 400 000 kroner bør innarbeidast i komande budsjett og økonomiplan.

Sjøborg Kulturhus

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Årsverk

Årsverk er rapportert samla under avdeling Kultur.

Sjukefråvær

Sjukefråvær er rapportert samla under avdeling Kultur.

Oppsummering av året

Sjøborg kulturhus har i 2023 gjennomgått ei omfattande rehabilitering.

Kultursalen har fått ny lydmiksar, nytt styringssystem og ny digital prosessor, ny teleslynge, meir scenelys og nye mikrofonar. Også kinoen har fått ei oppgradering, der ny digital kinomaskin er på plass.

Kulturarrangementa i Sjøborg hadde i 2023 om lag 9 300 besøkande, eit besøkstal vi er godt nøgde med.

Sjøborg kino hadde i 2023 omlag 23 400 besøkande, noko som var ein oppgang på 6 prosent i forhold til året før. Omsetninga auka med heile 12 prosent. Kinoen har hatt 750 framsyningar. I tillegg til ordinære framsyningar har det vore spesialvisningar for barn og ungdom (i samarbeid Alle med i Ulstein), ulike dagkinovisningar og visningar for skuleelevar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	251	866	475	-391	-82,4 %

Kommentar til status økonomi

Sjøborg kulturhus og kino har for 2023 eit negativt avvik på omlag 390 000 kroner. Avviket er knytt til drifta av kino og skuldast i all hovudsak to forhold:

- Lønn til tilsette har dei siste åra vore ført på konto for vikar. Dette har ført til at faste tillegg, årvisse lønnstillegg og justering ikkje har vortelagt til i budsjettet. Ei utrekning viser at dette utgjør omlag 205 000 kroner.
- Avgifter og lisensar har auka, noko som utgjør eit meirforbruk på omlag 130 000 kroner.

Biblioteket

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Årsverk

Årsverk er rapportert samla under avdeling Kultur.

Sjukefråvær

Sjukefråvær er rapportert samla under avdeling Kultur.

Oppsummering av året

Besøkstala for Ulstein bibliotek har gått opp, samstundes som utlånstala har gått ned. Vi har likevel meir enn 40 000 som er innom biblioteket og vi låner ut rett under 20 000 bøker. Utlån til vår viktigaste målgruppe, barn og unge, har gått ned. Vi ser etter kvart behovet for styringsplan/ bibliotekplan i kommunen.

Nytt i 2023:

- digitale tenester som Flipp (magasinapp med 90 vekeblad/magasin), filmrommet og Filmoteket
- auka den bemanna tida med 6 timar i veka
- høgtlesing til barn laurdagar, i samarbeid med Ulstein mållag
- barnebokbad i samarbeid Hareid, Herøy og Sande bibliotek
- avtale med litteraturhus i Møre og Romsdal der vi kjøper tre litterære arrangement, som gjer at vi kan tilby arrangement av høg litterær kvalitet

Elles viktig å takke bibliotekvennane som gjer ein betydeleg innsats for å halde biblioteket ope utover betent tid.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 841	2 231	1 876	-355	-18,9 %

Kommentar til status økonomi

Biblioteket har dei siste åra meldt om manglande budsjett på omlag 200 000 kroner i lønnsmidlar og 150 000 kroner knytt til lisensar og driftsmidlar generelt. For å kunne få ei drift i samsvar med budsjettet må enten budsjettet justerast, eller driftsnivået reduserast. Biblioteket er mellom dei lågast bemanna i fylket.

IMU

Om oss

Leiar: Lars Erling Bjåstad Hovlid

Inkludering og mangfald i Ulstein (IMU) rommar tenesta for flyktningar, spesialpedagogisk team for førskulen (FØ-teamet) og Ulstein kompetansesenter med kommunelogoped, norskopplæring, grunnskule og spesialpedagogikk for vaksne. IMU har også i oppdrag å utvikle tiltak som fremmar inkludering og god samhandling.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
28,5	40

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	13,72	7,95	6,60

IMU har ein liten nedgang i sjukefråværet i 2023, samstundes har vi opplevd toppar av sjukefråvær der det har vore krevjande å levere tenestene som normalt.

Oppsummering av året

I 2022 og 2023 har Ulstein kommune til saman busett omlag 250 flyktningar. IMU koordinerer kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottaket som Link AS driv, og yter opplæring til dei som bur ved mottaket. Dette har ført til ein stor auke i tenestebehovet ved IMU, og det har vore nødvendig å bygge kapasitet i tenestene. Ein stor del av dei som er tilsett har gått inn i engasjement.

For å lykkast med busetting og yte gode tenester har vi vore avhengig av omfattande og godt samarbeid med fleire av dei andre tenestene i kommunen, slik som Ulstein Eigedomsselskap KF og Nav.

To viktige punkt for IMU i arbeidet med busetting:

1. legge til rette for god kvardagsintegrering
2. jobbe for at flest mogleg av dei vaksne skal kome raskt vidare i arbeid.

Både for den einskilde og for lokalsamfunnet generelt, er det siste punktet svært viktig. IMU har erfart stor velvilje til å ta imot flyktningar i arbeidspraksis og gi høve til å jobbe, både hos næringslivet og det offentlege. For å jobbe systematisk med overgang til arbeid, har IMU etablert utviklingsprosjektet "Bru til arbeid". Her vert det jobba med å utvikle korte og spissa kvalifiseringsløp retta mot bransjar med rekrutteringsbehov. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har løyvd pengar til prosjektet i tre år.

IMU har også dette året selt tenester i integreringsfeltet til Sande kommune.

IMU yter fleire tenester som ikkje er retta mot flyktningar. Førskuleteamet gir spesialpedagogisk hjelp i barnehagefeltet. Spesialpedagogane har base ved IMU, men jobbar inn mot alle barnehagane i kommunen. Talet på vedtak om både spesialpedagogisk hjelp og logopedhjelp har auka i 2023. Det har tidvis vore krevjande å få på plass tenestetilbod raskt nok, ettersom tidsfristen frå sakkunnig vurdering er ferdig til tiltaket skal vere på plass, er kort.

Talet på elevar som får spesialpedagogisk opplæring for vaksne har vore stabilt, og det er samsvar med elevar som avsluttar opplæringa og nye som kjem til.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	18 652	32 251	37 089	4 838	13,0 %

Kommentar til status økonomi

Det er mange årsaker til budsjettavviket i 2023. IMU har mellom anna selt meir tenester enn budsjettert til andre kommunar og til Nav. Vi har heile vegen hatt fokus på å kombinere tenesteutvikling med rasjonell drift, og har stort sett halde kostnadene som budsjettert. Dette har påverka resultatet positivt.

Statstilskota knytt til mottak og busetting av flyktningar er frå 2023 ført utanom kommunalområdet. Det er eit positivt avvik på 10,2 millionar kroner på desse tilskota i 2023.

Helse og omsorg

Om oss

Kommunalsjef Kristin Vik

Helse og omsorg omfattar legeteneste, helsestasjon, omsorgsteneste med heimeteneste, sjukeheim og dagsenter, barnevern og NAV. Lov om kommunale helse og omsorgstenester ligg til grunn for det meste av tenester og aktivitet i helse og omsorg, og seier mellom anna at vi skal arbeide førebyggjande, og sikre

at alle innbyggjarar har gode føresetnader for eit godt liv med god helse. Dette står sentralt i tenesteyting og utviklingsarbeid i etaten og i anna overordna og tverretatleg samarbeid i kommunen.

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær		10,04	9,35%

Dette er ein nedgang frå 2022. I samarbeid med tilsette, tillitsvalde og verneombod vert det arbeidd aktivt for godt arbeidsmiljø i alle einingar.

Overordna mål

Mål

- innovasjon og nytenking
- styrking av kompetanse på alle nivå
- satsing på brukarmedverknad
- tilpassa bustad til dei med særlege helseproblem
- mat og måltidsrutinar tilpassa brukarane sine behov
- eit aldersvennleg samfunn
- tidleg innsats på alle tiltaksområde
- god integrering gjennom utvikling av møteplassar for alle brukargrupper
- godt smittevern
- satsing på heiltidskultur

Måla for helse og omsorg er sentrale i planlegging og tenesteutvikling, og i møte med innbyggjarane i Ulstein. Arbeid med heiltidskultur og god arbeidstidsplanlegging held fram, for å sikre rekruttering og kompetanse vi treng for å nå måla. Gjennom tverrfagleg og tverretatleg samarbeid er det utvikla modell for tidleg innsats, slik som BTI* og psykisk helseteneste for barn og unge, Kompass. Utvikling og implementering av velferdsteknologi held fram. Sjukeheimen fekk nytt pasientvarslingsanlegg tilrettelagt for bruk av meir velferdsteknologi, og utbygging av nye tilpassa omsorgsbustader vart vedteke.

* BTI=betre tverrfagleg innsats

Oppsummering av året

2023 vart det året vi la bak oss det meste av tiltak og restriksjonar etter pandemien, men framleis måtte møte konsekvensane av krig og uro i Europa. Kapasiteten i Nav, legeteneste og helsestasjonsteneste vart utfordra som følge av mottak av flyktningar og asylsøkarar. Periodevis påverka dette også heimetenesta og institusjonstenesta.

Viktige punkt i 2023 har mellom anna vore

- velferdsteknologi, innovasjon og nytenking
- tidleg innsats på alle tiltaksområde
- God oppvekst, BTI og innsatstrappa

- tilpassa omsorgsbustader i eit aldersvennleg samfunn

For å få til dette har vi arbeidd for sterkare heiltidskultur, kompetanseheving og god rekruttering.

Dette gjer vi for å ha berekraft til å møte framtida og eit krevjande utfordringsbilde som følge av demografiutvikling, auka behov for tenester og mangel på arbeidskraft.

Aktiviteten i omsorgstenestene har vore høg gjennom heile året, og periodevis har det vore krevjande å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Fleire vert eldre og lever lenger med demens, kompleks sjukdom og auka tenestebestand. Dette utfordrar kapasiteten i tenestene våre og krev løysingsvilje og sterk samhandling. Løysingsvilje og samhandling er ein kvalitet i Ulstein, og ny oversikt frå KS viser at vi utnyttar ressursane våre godt og driftar effektivt.

Auka tal på stillingar/årsverk frå 2022, skuldast i oppretting av ny avdeling, drifta i samarbeid med Sentral fagenhet for tvungen omsorg, samt auka behov for nattilsyn.

Aktiviteten i 2023 kan i hovudsak oppsummerast slik;

- Arbeid med implementering av velferdsteknologi heldt fram.
- Digital heimeoppfølging saman med Volda sjukehus, Søre Sunnmøre legevakt, Ørsta og Volda kommunar. Målgruppe er pasientar med kols, hjertesvikt og diabetes. Målet er at pasienten skal oppleve tryggleik og auka kvardagsmeistering, og at teikn på forverring vert oppdaga tidleg. Prosjektet skal også styrke samarbeidet mellom dei ulike tenestene, og gi betre ressursutnytting.
- Nytt pasientvarslingsanlegg på Alvehaugen, betre tilrettelagt for aktiv bruk av velferdsteknologi.
- Arbeidet med å planlegge for 20 nye omsorgsbustader vart avslutta og vedteke av kommunestyret.
- Kontinuerleg arbeid med god rekruttering og kompetanseutvikling.
- Implementering av innsatstrappa og ressursbasert sakshandsaming for å styrke fokus på eigenmeistering og tiltak som bidreg til at fleire kan bu lenger heime.
- Arbeid med "God oppvekst" i samarbeid med Oppvekst og kultur. Fokus på laget rundt barnet. Utvikla "Kompass", ein modell for psykisk helseteneste til barn og unge i tett samarbeid mellom helsestasjon og kommunepsykolog.
- BTI -betre tverrfagleg innsats i samarbeid med Oppvekstetaten
- Rekrutterte ny fastlege for å sikre og styrke fastlegekapasiteten i kommunen.

Utvikling og utfordringar

Helse og omsorg skal arbeide aktivt for å vere ein attraktiv arbeidsplass med heiltidskulturfokus som rekrutterer godt.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
300-Fellestenester admin.omsorg	-15 077	-12 669	-14 404	-1 735	-12,0 %
301-Eining 1: Heimetenester	52 550	56 265	55 249	-1 017	-1,8 %
302-Eining 2: Holsekerdalen omsorgsbustader	31 177	30 530	29 451	-1 079	-3,7 %
303-Eining 3: Alvehaugen bu og rehabilitering - korttid	40 152	45 965	44 756	-1 209	-2,7 %
304-Eining 4: Alvehaugen bu og rehabilitering - langtid	31 455	36 025	34 948	-1 077	-3,1 %
305-Eining 5: Holsekerdalen bu og habilitering	48 766	44 841	43 752	-1 090	-2,5 %

Årsmelding 2023

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
320-Nav	15 086	23 126	19 558	-3 568	-18,2 %
330-Barnevern	17 237	20 742	16 571	-4 171	-25,2 %
350-Helsestasjonsteneste	11 453	13 217	12 013	-1 204	-10,0 %
351-Legeteneste	21 489	24 399	21 162	-3 237	-15,3 %
Sum	254 288	282 442	263 055	-19 387	-7,4 %

Kommentar til status økonomi

Helse og omsorg har eit meirforbruk i 2023 på 19, 3 millionar kroner, som utgjør 7,4 prosent ut over tildelt ramme.

Meirforbruket fordeler seg jamt mellom dei 5 einingane i omsorg. Størst meirforbruk er knytt til sosialhjelp, barnevernstiltak og legeteneste.

Oppsummering tiltak

Det var høg aktivitet i Helse og omsorg gjennom heile 2023, og i periodar krevjande å ta imot alle utskrivingsklare pasientar utan å måtte betale til sjukehusa.

Fellestenester admin.omsorg

Om oss

Her ligg ulike fellestenester og funksjonar som merkantil sørvis, superbrukar Gerica, velferdsteknologisatsing , sakshandsaming, vederlagsberekning og andre fellesutgifter for helse og omsorg. Kommunepsykolog og PMTO (Parent Management Training Orego – individuell foreldrerettleiing) ligg også her. PMTO er interkommunalt samarbeid med Hareid, Herøy og Sande kommunar.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
6,6	7

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
			4,27

Oppsummering av året

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
Sum	-15 077	-12 669	-14 404	-1 735	-12,0 %

Kommentar til status økonomi

Eining 1: Heimetenester

Om oss

Heimetenesta inneheld heimesjukepleie, heimhjelpverksemd, teneste for psykisk helse og rus, koordinernde eining, ergoterapitenesta, kvardagsrehabilitering, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsstønad og avlasting i privat heim, Petterbakken 4 og 12/ 14.

Leiar: Heidi Strand

Årsverk

Årsverk	Tilsette
48,26	70

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	9,51	12,91	8,12

Sjukefråværet har vore lågt for eininga. Vi har vore med på eit sjukefråværsprosjekt med Nav og hatt fokus på sjukefråværsrutinar og opplæring.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2023

- auka satsing på velferdsteknologi
- fokus på “det gode pasientforløp” for pasientar i heimesjukepleia
- gode rutinar for sakshandsaming/klage-handsaming
- satsing på godt arbeidsmiljø
- opplæring av tilsette ved bruk av e-læring og praktisk øving

Heimetenesta har også dette året hatt auke i oppdrag og brukarar i heimetenesta. Det er stadig større press på tenesta med utskriving av pasientar frå sjukehus som treng ferdig-behandling i heimen. Liggetida på sjukehus går stadig ned, og det er kommunen som overtek ansvaret for den medisinske og faglege oppfølginga. Vi får stadig meir fagleg utfordrande oppfølgingsansvar i kommunen. Dette krev fokus på samhandling og satsing på kompetanseheving i alle delar av helse- og omsorgstenestene. Vi satsar vidare på velferdsteknologi og har ved årsskiftet 22 medisin dispenserar i drift, i tillegg til anna

smartteknologi som gjer at brukarar kan bu lenger heime. Dette frigir tid til andre tenester til brukarane, og tek av litt mot trykket på sjukeheimen og bemanna omsorgsbustader.

Heimesjukepleia har ansvaret for 13 omsorgsbustader i Sjøgata. Her har vi sett at nokre av bebuarane har vorte meir hjelpetrengjande i løpet av året, og vi har periodevis bemanna opp bustadene for å unngå å måtte flytte brukarar til sjukeheims plass.

Det er stor auke i etterspurnad av tenester innan psykisk helse og rus. Vi har etter kvart eit godt kompetent team som arbeider med desse brukarane, men oppdragsmengda er aukande og det er per i dag ventetid på tenester. Vi har inne ei prosjektstilling innan kommunalt rus arbeid.

Vi opplever å ha eit godt arbeidsmiljø i eininga og god rekruttering til ledige stillingar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	52 550	56 265	55 249	-1 017	-1,8 %

Kommentar til status økonomi

Personleg assistanse er ei ny eining i heimetenesta på grunn av verkesmdoverdraging frå brukarstyrt personleg assistanse til kommunal assistanse. Det vart difor oppretta ei ny avdeling der vi administrerer assistentar i kommunal regi. Vi nyttar denne avdelinga til kommunale ordningar der vi må skaffe personale og drifte avdelingar til einskildbrukarar. Noko av overforbruket her er ikkje heilt reelt då ressursane tidlegare har vorte nytta til privat tenesteleverandør. Nye brukarar som får slike tenester vert no registrert i denne eininga.

Eining 2: Holsekerdalen omsorgsbustader

Om oss

Leiar: Gunn Hofset

Avdeling Ulshaugen/Holsekerdalen 20 har ansvar for omsorgsbustader til 65 bebuarar. Avdelinga "Lisjenotten" vert drifta i samarbeid med Sentral fagenhet for tvungen omsorg. Avdeling Hovstøylvegen gir tenestetilbod til 2 personar med behov for heildøgntenester, og har høg bemanningsfaktor.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
39,43	54

Årsak til auken i tilsette er ei ny avdeling, Lisjenotten. Denne vert drifta av kommunen, men utgiftene vert dekt av Sentral fagenhet/staten.

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	11,64	8,16	10,36

Det totale sjukefråværet på dei ulike avdelingane på eining 2 har auka frå 8,16 i 2022 til 10,36 i 2023. Sjukefråværet svingar litt frå år til år av ulike årsaker, men det høge arbeidspresset på avdeling Ulshaugen/Holsekerdalen 20 er noko av årsaka.

Oppsummering av året

Avdelinga Holsekerdalen 20 har ein bebuar med forsterka bemanning og høg personalfaktor. Bebuarane er fordelte på fire ulike bygg og det er store gangavstandar. I 2023 har det vore ei stor arbeidsbelastning på dei tilsette. Svært mange bebuarar har høg alder og er multisjuka med eit stort og samansett hjelpebehov. Fleire av bebuarane i psykiatribustadene treng tett oppfølging. Vi ser eit auka behov for bemanna omsorgsbustader. Det har vore krevjande å klare å gi god nok hjelp til dei som bur på Ulshaugen i "ubemanna bustader".

Avdelinga er godt organisert og alle ressursar er godt utnytta. Personalet har likevel jobba under svært høgt tempo og med høg puls. Det er mykje trakk då det vert arbeidd over eit stort areal og på fleire ulike bygg. Fleire av dei tilsette har mellom anna hatt problem med betennelsestilstandar i beina og sjukefråvær er knytt til dette. Sjukefråværet ved Ulshaugen/Holsekerdalen har auka frå 10,48 i 2022 til 12,85 i 2023. Det har kome varsling frå tillitsvalde og verneombod om at bemanninga må aukast og dette vert gjennomført frå januar 2024.

I februar 2023 starta vi opp den nye avdelinga "Lisjenotten" som vert drifta i samarbeid med Sentral fagenhet for tvungen omsorg. Avdelinga gir heildøgnteneste til ein brukar med forsterka bemanning og er i første omgang for 3 år. Avdelinga følger brukaren til arbeid og aktivitetstilbod og jobbar med meistring, vekst og utvikling. Avdelinga har drifta heile 2023 utan alvorlege hendingar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	31 177	30 530	29 451	-1 079	-3,7 %

Kommentar til status økonomi

Avdeling Holsekerdalen 20 har hatt eit stort press på tenestene. Avdelinga har hatt svært låg grunnbemanning og store hjelpebehov blant bebuarane. Dette har vore ein del av årsaka til auka sjukefråvær. Meirkostnadene kjem som følge av høgare sjukefråvær og ekstra innleige.

Eining 3: Alvehaugen bu og rehabilitering - korttid

Om oss

Leiar: Gunn Sætre

Eining 3, Korttid

Årsmelding 2023

- avdeling G som er korttidsavdelinga på sjukeheimen (18 plassar) på sjukeheimen og tek imot utskrivingsklare frå sjukehus og heimebuande som treng rehabilitering og rullerande opphald.
- HI- fløya som er 21 omsorgsbustader på Alvehaugen der det bur i hovudsak eldre med stort hjelpebehov.
- Dagsenter for eldre på Alvehaugen som gir tilbod til heimebuande eldre.
- Ambulerande tenester er hjelpemiddelteknikar og sjåførar som køyrer ut mat til heimebuande og hentar brukarar på dagsenteret.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
37,93	56

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	10,78	10,94	8,95

Sjukefråværet har hatt ei svært positiv utvikling, 8,95 prosent i 2023, som er nesten 2 prosent lågare enn året før.

Oppsummering av året

I 2023 auka etterspurnaden etter korttids plassar på sjukeheimen ytterlegare. Avdelinga hadde 203 innleggingar frå heim og sjukehus,- same tal som i 2022. I tillegg måtte vi betale for 115 liggedøgn (620 000 kroner) i bøter til sjukehuset grunna mangel på plass. utfordringa er at meir enn halvparten av plassane på korttidsavdelinga er langtids plassar med brukarar som ventar på plass i bemanna omsorgsbustader eller på demensavdelinga. Avdelinga har gjennom mest heile 2023 hatt overbelegg på 1–3 plassar for å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og for å kunne gi naudsynt avlastning og rehabilitering til heimebuande med stort hjelpebehov. Mangel på plassar har særleg gått ut over KAD-plassen (opphald for akutthjelp), som i lengre periodar ikkje har vore ledig, i tillegg til at brukarane vert tidlegare skrivne ut frå sjukehuset enn før.

Omsorgsbustadene på Alvehaugen er bemanna som sjukeheimen og gir god omsorg til brukarar med omfattande hjelpebehov og demens. Nytt varslingsanlegg på Alvehaugen i 2023 og velferdsteknologi bidreg til at vi i større grad enn tidlegare kan nytte plassane trygt også til demente. Dagsenter for eldre har fleire brukarar og brukarane har meir omfattande tenestebehov, særleg knytt til demens, og tilbodet gjer at fleire kan bu heime lenger. Dei får sosial aktivisering knytt til måltidsfellesskap, trening, ulike aktivitetar, song /musikk og tilbodet er god avlastning for pårørande. Leiar for dagsenteret er også demenskoordinator og er med i utgreiing av demenssjukdom for heimebuande. Vi ser at dagsenteret er ein kjend og trygg plass for mange av dei som kjem inn på sjukeheimen eller omsorgsbustadene for kortare eller lengre opphald.

Ambulerande tenester leverer varm middag til heimebuande, dei køyrer og hentar dagsenterbrukarar, er varetransport mellom einingane og har ansvar for bilstell av omsorgsetaten sine bilar. Dei har og ansvar for utkøyring, montering, reperasjonar og vedlikehald av hjelpemiddel. Behov for auka stilling til hjelpemiddelteknikar og meir plass til lager for hjelpemiddel er presserande.

Korttidsavdelinga, dagsenteret, heimetenestene med koordinerande eining og kvardagsrehabiliteringsteamet har samarbeida tett for å gi kontinuitet i tenesta, utnytte plassane best mogeleg og gje eit godt tilbod til brukarane våre.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	40 152	45 965	44 756	-1 209	-2,7 %

Kommentar til status økonomi

Meirforbruket skuldast bemanning knytt til ressurskrevjande brukar og betaling for utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset. Meirforbruk ambulerande skuldast meirforbruk fastlønn.

Eining 4: Alvehaugen bu og rehabilitering - langtid

Om oss

Eining fire består av langtidsavdelingane, kjøkken, vaskeri på Alvehaugen bu - og rehabiliteringssenter, og natt teamet i Ulstein kommune.

Langtidsavdelingane er tre åttar grupper i hovudsak for pasientar med kognitiv svikt og demenssjukdom

Kjøkkenet er produksjonskjøkkenet for omsorgsetaten

Vaskeriet har ansvar for vask at alt pasient tøy både kommunalt og privat, og arbeidstøy til alle tilsette

Natt teamet har ansvar for Alvehaugen bu.og rehabiliteringssenter, Hovstøylvegen, Holsekerdalen 20 og heimesjukepleia

Leiar: Gunn Helen Hauge Muren

Årsverk

Årsverk	Tilsette
42,12	71

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	9,64	12,16	11,96

Har vore ein liten reduksjon i sjukefråværet. Det er god dialog med tilsette, og vi arbeider for tilrettelegging i den grad det er mogleg. Samansette årsaker gir svingingar i sjukefråværet.

Oppsummering av året

Eininga opplever ein auke i behovet for demensplassar. Dei som kjem inn har eit stort og samansett hjelpebehov, og ofte krevjande og utagerande åtferd. Dette fører til auka press på dei tilsette. Det vert samarbeidd godt med demenskontakta, noko som er med på å gi gode overflyttingar og samarbeid mellom heim og institusjon. Avdelinga arbeider personsentrert og med miljøarbeid. Måltid, ernæring og tilpassa aktivitet står sentralt.

Natt-teamet samarbeider særst godt på tvers av dei ulike einingane. Det har det siste året vore ein auke i presset på natt-tenesta.

Kjøkkenet driftar godt. Dei serverer gode og næringsrike måltid, og har fokus på å nytte råvarer knytt til årstidene. Dei driftar kantine for tilsette på Alvehaugen.

Vaskeriet driftar svært effektivt med små ressursar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	31 455	36 025	34 948	-1 077	-3,1 %

Kommentar til status økonomi

Auke i pris på matvarer, arbeids- og pasienttøy. Natt-teamet har hatt ein auke i tilsette knytt til auka behov i tenesta.

Eining 5: Holsekerdalen bu og habilitering

Om oss

Leiar: Aase Djupvik

Eininga består av avlasting for born og unge, bu-tilbod og dagsenter for menneske med funksjonsnedsetjing.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
46,81	55

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	12,29	8,45	7,81

Sjukefråværet var noko lågare enn i 2022. Vi legg vekt på gode turnusar og god samhandling med personalet.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2023

- god samhandling mellom skule, avlasting og Holsekerdalen 24
- arbeid med turnus for betre fordeling av arbeidsoppgåver
- arbeid med gode kommunikasjonshjelpemiddel for brukarane (ASK)
- legg vekt på brukarmedverknad
- Plassen som aktivitetsarena er eit viktig tiltak både for dei som bur i Holsekerdalen 22 og dei som bur i eigne bustader. Plassen fekk 50 000 kroner frå Sparebank 1 til aktivitetar.
- opplæring til foreldre, tilsette og personale i skule, i bruk av digitale kommunikasjonshjelpemiddel
- to bebuarar med forsterka bemanning, måtte auke i 2023. Jobba godt med prosedyre og alternative kommunikasjonsmåtar, noko som førte til redusering av bemanning i desember
- stor auke i behovet for avlasting til barn og unge. Tilbodet vert gitt i avlastinga og på Holsekerdalen 24. Det krev mykje resursar å koordinere hjelp til born og unge som ofte har samansette behov. Det krev god samhandling med føresette, skular, lege, PPT, ergoterapeutar og barnehabiliteringa. Det krev også tett oppfølging av personalet som arbeider i avlastinga
- tilsyn frå Statsforvaltaren på enkeltbrukar, ingen lovbrøt avdekt
- klagesak frå 2022 avslutta i 2023. Ulstein kommune har gitt forsvarlege tenester, men kunne vore betre på innhenting av samtykke
- ny klagesak, går vidare i 2024.
- fokus på eit vidare godt arbeidsmiljø

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	48 766	44 841	43 752	-1 090	-2,5 %

Kommentar til status økonomi

Eining 5 har ein minus på 1.09 millionar kroner. Dette skuldast auke av barn i barneavlasting og på dagsenter i Holsekerdalen 24. Det er ikkje budsjetttert for mat i avlasting, slik at det fører til eit minus på 200 000 kroner.

Nav

Om oss

Leiar: Alexander Måseidvåg

NAV er eit interkommunalt samarbeid med Hareid og Sande. Hareid kommune er vertskommune.

Årsverk

Årsverk	Tilsette
29,6	31

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	8,7	8,2	8,1

Sjukefråværet var 7,27 prosent for statleg tilsette og 10 prosent for kommunalt tilsette i 2023. Samla sett var sjukefråværet på 8,1 prosent.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2023

- Fleire i arbeid og aktivitet
- Hindre utanforskap
- Sikre økonomisk tryggleik for utsette grupper
- Hjelpe bedriftene i rekruttering, omstilling og inkluderingsarbeid

Året har vore prega av stor aktivitet der flyktningssituasjonen i samband med krigen i Ukraina har hatt stor innverknad på drifta. Kontoret har hatt eit betydeleg arbeid med å etablere og hjelpe mange flyktningar i å komme i arbeid i kommunane våre. Vi har samarbeidd tett og godt med flyktningstenestene i dette arbeidet.

Vi har levert gode og tilgjengelege tenester til innbyggjarane, og jobba mykje med kvalitet og utvikling i brukaroppfølginga. Samstundes utfordrar flyktningssituasjonen kapasiteten til Nav-kontoret.

Vi har vidareført og utvikla tidelg innsats i sjukefråværsoppfølginga for å forhindre langvarig sjukefråvær og utanforskap.

Samarbeid med andre kommunale tenester har vore viktig for å bidra til meir heilskaplege tenester for dei vi følger opp.

Vi har jobba med å implementere ungdomsgarantien som tredde i kraft 1. juli. Denne skal sikre at alle unge mellom 18–30 år med behov for bistand har ein fast rettleiar, og eit tilbod om arbeidsretta aktivitet eller oppfølging

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	15 086	23 126	19 558	-3 568	-18,2 %

Kommentar til status økonomi

Det er eit avvik på 3,5 millionar kroner i høve til budsjett. Det har vore ein stor auke i utbetalingar av økonomisk sosialhjelp i 2023. Auken kjem som eit resultat av flyktningssituasjonen og ein generell kostnadsauke i samfunnet som gjer at dei utsette brukargruppene har større vanskar med å klare seg økonomisk.

Barnevern

Om oss

Leiar: Aina Øyehaug Opsvik

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal barnevernsteneste også ein del av den interkommunale barnevernstenesta. Frå 1. januar 2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. Frå 1. januar 2023 har Vanylven vore ein del av samarbeidet.

Årsverk

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023
Sjukefråvær	8,97	10,74	12,64

